



## Norsk nok?

*Første-generasjons nordmenn sine fortellingar  
om tilhøyrrigheit og utanforskap*

Patricia Grimstad

Masteroppgave i familieterapi og systemisk praksis

Fakultet for sosialfag

MAFAM 2012-2

Veileder: Heidi Larsgaard

Antall ord: 25 316

VID vitenskapelige høgskole

31. oktober 2018

**Opphavsrettigheter**

Forfatteren har opphavsrettighetene til rapporten.  
Nedlasting for privat bruk er tillatt.

# Sammendrag

I dei siste tiåra har Norge blitt eit stadig meir multikulturelt land, noko som kan føre til nye utfordringar. Ei av desse utfordringane er identitetsdannelsen av første-generasjons nordmenn (m.a.o. norskfødte barn av innvandrarar). Frå eit sosial-konstruksjonistisk perspektiv er identiteten konstruert og rekonstruert gjennom relasjonar som er forankra i historiske og kulturelle kontekster. Her spelar andre sine stemmer ei sentral rolle, sidan sjølvbildet vårt blir forma gjennom tilbakemeldingane frå viktige personar i livet vårt.

Denne masteroppgåva handlar om norskfødte barn av innvandrarar sine opplevsar i forhold til tilhøyrighet og utanforskap i det norske samfunnet, med spesielt fokus på korleis desse erfaringane påvirkar identiteten deira. For å kome nærmare dette fenomenet, gjennomførte eg fire semi-strukturerte intervju med personar som hadde relevant bakgrunn, og analyserte deretter informasjonen ved hjelp av den kvalitative forsknings-metoden Interpretative Phenomenological Analysis (IPA).

Problemstillinga og forskningsspørsmåla i denne undersøkelsen er som følger:

*«Norsk nok? Første-generasjons nordmenn sine fortellingar om tilhøyrighet og utanforskap»*

Korleis beskriver første-generasjons nordmenn sin nasjonalidentitet? Kva opplevsar av tilhøyrighet og utanforskap har første-generasjons nordmenn?

Funna mine viser at første-generasjons nordmenn sine opplevsar av tilhøyrighet i Norge varierer og er individuelle. Enkelte balanserer både kulturen til foreldra og den norske kulturen og skaper i tillegg ein eigen tredje kultur. Andre mister tilhøyrigheita til foreldra sitt heimland og kultur, medan enkelte andre gir inntrykk av å vere meir knytt til foreldre-kulturen enn den norske. Fridom til å finne seg sjølv, aksept frå det norske samfunnet og eit godt nettverk virkar avgjerande i prosessen med å utvikle tilhøyrighet til den norske kulturen. Alle informantane har opplevd utanforskap i ulik grad og på ulike vis, og utsjånad som skiller seg frå majoritetsbefolkninga, ser ut til å spele ei viktig rolle når det gjeld å ikkje bli anerkjent som norsk.

# Abstract

In the last decades Norway has become an increasingly multicultural country, something that can lead to new challenges. One of those challenges is the identity development of first generation Norwegians (children born in Norway whose parents were immigrants). From a social constructionist perspective, our identities are constructed and reconstructed through relationships that are embedded in historical and cultural contexts. It is here that the voices of others have a central role, as our self image is shaped through feedback from those people who are important in our lives.

This dissertation is a qualitative examination of the experiences of children of immigrants born in Norway, when it comes to belonging and exclusion in the Norwegian society, with special focus on how these experiences affect their identity. In order to explore this subject, I conducted four semi-structured interviews with people who had a relevant background, and analysed the information I gathered from them with the help of «Interpretative Phenomenological analysis» (IPA).

The research questions in this study are as follows:

*Norwegian enough? Narratives of belonging and exclusion by first generation Norwegians*

How do first generation Norwegians describe their national identity? What are their experiences of belonging and exclusion?

The research findings show that the experiences of belonging and exclusion of first generation Norwegians, are varied and individual. Some are able to balance the both the culture of their parents and the Norwegian culture, and in addition they create an own third culture. Others lose the sense of belonging to the homeland and culture of their parents, while still others give the impression of being more attached to their parents' cultures rather than the Norwegian culture. Freedom to find their selves, acceptance from the Norwegian society and having a good network seem decisive in the process of developing a strong sense of belonging to the Norwegian culture.

All the participants had experienced exclusion with variation in different ways and degrees. An appearance that is different to the majority of the population seems to play an important role when it comes to not being recognized or acknowledged as a Norwegian.

# Forord

Denne masteroppgåva er eit av høgdepunkta i ein prosess som starta i England då eg studerte psykologi på slutten av nittitalet. Det var då eg begynte å stille spørsmål ved kvantitative studier, og undra meg på om ikkje forsøket på å beskrive, klassifisere og redusere menneskelig atferd til objektive sannheiter og tal var mangelfullt. Eg huskar godt kor inspirert eg vart då eg hadde ei forelesing om sosial-konstruksjonisme og dens virkeligheits forståelse for første gong. Det opna ei heilt ny verd for meg. Dette var i England, der eg også tok første året på eit tilsvarande masterstudium. Eg var mor til to små gutar då, og valgte å vente med å fortsette med å studere. Mange år seinare og mange rike og varierte opplevingar sidan, blant anna å flytte til dette landet, sit eg her og prøver å fullføre denne oppgåva.

Eg vil dedikere dette masterprosjektet til sønene mine, Andreas og Mattias, og til syskenbarna mine i England, Sebastian og Pablo. Kanskje de kan gjenkjenne visse aspektar av tematikken, eller ikkje.

Eg vil takke først og fremst informantane mine. Utan deira deltaking, hadde ikkje denne studien vore mulig.

Ei stor takk til veiledaren min, Heidi, for hennar tolmodigheit, tilgjengeligheit, interesse og konstruktive tilbakemeldingar.

Eg vil også takke kollegaene mine i Ulstein Kommune, som tok den ekstra belastninga spesielt dei siste månadene eg tok permisjon frå jobb.

Sist men ikkje minst, vil eg takke familien min. Takk Iver for støtte, oppmuntring, språkvasking (sjølv om sluttresultatet ikkje var like nynorskprega som du hadde ønska) konstruktive kommentarar med meir. Du hadde tru på at eg kunne klare å fortsette med studia mine i Norge, sjølv før eg var språklig klar. Takk til alle tre for tolmodigheit gjennom heile prosessen!

Ulsteinvik, 31. oktober 2018

Patricia Grimstad

# Innholdsfortegnelse

<b>SAMMENDRAG</b> .....	<b>III</b>
<b>FORORD</b> .....	<b>VI</b>
<b>INNHALDSFORTEGNELSE</b> .....	<b>VII</b>
<b>1 INNLEDNING</b> .....	<b>1</b>
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA .....	1
1.2 FORFORSTÅELSE .....	3
1.3 BEGREPSAVKLARING .....	4
1.3.1 Første-generasjons nordmenn.....	4
1.3.2 Sjølv-identitet .....	5
1.3.3 Nasjonal identitet .....	5
1.3.4 Utanforskap.....	6
1.4 PROBLEMSTILLING OG FORSKNINGSSPØRSMÅL.....	6
1.5 RELEVANS FOR STUDIEN SITT FAGFELT OG PRAKSIS .....	6
1.6 OPPBYGGING AV OPPGÅVA .....	7
<b>2 TEORI</b> .....	<b>9</b>
2.1 RELEVANT FORSKNING .....	9
2.1.1 Tidligare forskning om «andregenerasjons-innvandrere».....	9
2.1.2 Østkantsstudie: Norsk men ikkje «Ola Nordmann».....	10
2.2 IDENTITET.....	10
2.2.1 Essensialistisk og konstruktivistisk identitesforståelse.....	10
2.2.2 Mennesker som fortolkande vesen.....	11
2.2.3 Rolletaking og den generaliserte andre .....	12
2.2.4 Språket og identiteten.....	12
2.2.5 Nasjonal identitet .....	13
2.2.6 Definisjonsmakt og den norske identiteten.....	14
2.3 SOSIALE GRUPPER.....	15
2.3.1 Sosiale mennesker og sosiale grupper .....	15
2.3.2 Utviklinga av ein tredje kultur.....	16
2.3.3 Inngrupper og utgrupper.....	16
2.3.4 Nasjonalitet og identifikasjon.....	17
2.4 TILHØYRIGHEIT .....	17
2.4.1 Faktorar som medvirkar til tilhøyrligheit.....	17
2.4.2 Tilhøyrligheits-paradoks .....	18
2.5 UTANFORSKAP.....	19
2.5.1 Faktorar som kan føre til utanforskap: .....	19
2.5.2 Mulig effekt av utanforskap.....	20
<b>3 METODE</b> .....	<b>22</b>
3.1 VITENSKAPSTEORETISK FORANKRING .....	22
3.1.1 Det mekanistiske paradigmet .....	22
3.1.2 Det hermeneutisk-fenomenologiske paradigmet .....	23
3.1.3 Postmodernismen, konstruktivisme og sosialkonstruksjonisme .....	24
3.1.4 Oppsummering.....	25
3.2 VAL AV ANALYSEMETODE .....	25
3.2.1 Interpretative Phenomenological Analysis (IPA).....	26
3.3 GYLDIGHEIT, PÅLITELIGHEIT OG OVERFØRBARHEIT .....	29
3.4 REKRUTTERING OG DATAINNSAMLING .....	30
3.4.1 Utvalg.....	30
3.4.2 Rekruttering.....	31

3.4.3	<i>Intervjuguide</i> .....	32
3.4.4	<i>Intervjuprosess og teknikk</i> .....	33
3.5	FRAMGANGSMÅTE I ANALYSEN .....	34
3.6	ETISKE REFLEKSJONAR .....	36
<b>4</b>	<b>ANALYSE-RESULTAT</b> .....	<b>38</b>
4.1	PRESENTASJON AV FUNN .....	38
4.2	IDENTITETSBYGGING SOM PROSESS .....	39
4.2.1	<i>Dei viktige andre</i> .....	39
4.2.2	<i>Å finne seg sjølv</i> .....	43
4.2.3	<i>Den tredje kulturen</i> .....	47
4.3	INNANFOR MAJORITETSGRUPPA .....	48
4.3.1	<i>Språkets kraft</i> .....	48
4.3.2	<i>Identifikasjon med norske verdier</i> .....	49
4.3.3	<i>Norge som heimland</i> .....	50
4.4	OPPLEVELSAR AV EKSKLUSJON .....	51
4.4.1	<i>Om det å vere utanfor</i> .....	51
4.4.2	<i>Utsjånad opplevd som ei barriere</i> .....	54
4.4.3	<i>Følelsmessige reaksjonar til utanforskap</i> .....	55
4.4.4	<i>Negative budskap i media</i> .....	57
<b>5</b>	<b>DRØFTING</b> .....	<b>58</b>
5.1	IDENTITETSBYGGING SOM PROSESS .....	58
5.1.1	<i>Identitet gjennom relasjonar i kontekst</i> .....	58
5.1.2	<i>Tolkningar og rolletaking</i> .....	59
5.1.3	<i>Identitet, sosiale nettverk og potensielle skuggesider</i> .....	59
5.1.4	<i>To fundamentale sosiale behov: Tilhøyrligheit og fellesskap</i> .....	60
5.1.5	<i>Tredje-kulturen</i> .....	63
5.2	TILHØYRIGHEIT .....	63
5.2.1	<i>Språk</i> .....	63
5.2.2	<i>Identifikasjon med norske verdier</i> .....	64
5.3	UTANFORSKAP.....	65
5.3.1	<i>Mangel på språk</i> .....	65
5.3.2	<i>Utsjånad</i> .....	66
5.3.1	<i>Følelsmessige reaksjonar til utanforskap</i> .....	66
5.3.2	<i>Media</i> .....	66
5.4	FUNN I FORHOLD TIL TIDLIGARE FORSKNING .....	67
<b>6</b>	<b>AVSLUTNING</b> .....	<b>68</b>
	<b>LITTERATURLISTE</b> .....	<b>70</b>
	<b>VEDLEGG 1</b> .....	<b>76</b>
	<b>VEDLEGG 2</b> .....	<b>77</b>
	<b>VEDLEGG 3</b> .....	<b>78</b>
	<b>VEDLEGG 4</b> .....	<b>79</b>
	<b>VEDLEGG 5</b> .....	<b>80</b>
	<b>VEDLEGG 6</b> .....	<b>81</b>
	<b>INTERVJU NR 3</b> .....	<b>81</b>



# 1 Innledning

*«Jeg ser fram til et Norge der vi oftere klarer å se forbi folks hudfarge eller etniske bakgrunn, og snakke om dem som fotballspillere, rørleggere, naboer eller advokater. Men det er et stykke dit» Bjarne Håkon Hanssen, 2007<sup>1</sup>*

I mitt arbeid med flyktningar er det vanlig å høyre at integrering blir forbunde hovudsakeleg med to ting; å lære språket og å skaffe seg ein jobb. Eg har ofte følt at dette er eit forenkla bilde av integrering, og at det inneber mykje meir. Samfunnet og menneska som tek imot innvandrane har, etter mitt syn, ei viktig rolle å spele med å skape aksept og passe på at innvandrare og etterkomarane deira, som blir født og oppvokst her i landet, blir mottatt som likeverdige medborgarar. Dei treng ikkje berre veldedigheits-tenester, men muligheita for å bli sett og behandla på lik linje med alle andre. Med dette som bakgrunn, ønsker eg å utforske opplevingane til dei som er født i Norge, og som har innvandrare til foreldre, spesielt i relasjon til identitet. Eg vil utforske korleis det opplevast å bu i eit land der det er vanlig å bruke betegnelsen «andre» eller til og med «tredjegerasjons innvandrare»<sup>2</sup> på slike personar. For å kome nærmare desse opplevingane, har eg intervjuet fire personar som har ein slik relevant bakgrunn.

Denne oppgåva er knytt til eit sosial-konstruktivistisk paradigme (jfr. kapt. 3.1.3), men eg vil bruke teori som er positivistisk (jfr. kapt. 3.1.1) basert innanfor dette perspektivet.

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Grunnen til at eg har valt dette temaet er at eg har fått intrykk av at mange første-generasjons nordmenn<sup>3</sup> (jfr. kapt. 1.3.1) ofte manglar ei kjensle av tilhøyrighet til landet som foreldra eller besteforeldra kjem frå, og samtidig kan dei uttrykke ei manglande tilhøyrighet til Norge også. Det som interesserer meg er å utforske litt nærmare korleis og kvifor nokon kan kjenne

---

<sup>1</sup> Bjarne Håkon Hanssen, tidlegare arbeids- og inkluderingsminister i artikkelen «Når blir vi norske», publisert i Dagbladet 27. august 2007 og Regjeringen.no

<sup>2</sup> «Tredjegerasjons innvandrare» har upresist blitt brukt om barnebarn til folk som har innvandra til Norge.

<sup>3</sup> Betegnelsen «første-generasjons nordmenn» fekk offentlig oppmerksomheit då politikar Knut Arild Hareide gjekk ut i media i 2010 og foreslo bruken av «første-generasjons nordmenn» istaden for «andre generasjons innvandrare». Han meinte at dette er eit inkluderande språk som understrekar at personen er norsk, sidan det er foreldra og ikkje barna som har innvandra (Ledaal, E. S., 2010).

det slik, på tross av at dei er født og oppvokst her i landet. På den andre sida, kva har gjort at andre i tilsynelatande same situasjon lettare kan identifisere seg som nordmenn?

Eg er bevisst på at dette fenomenet kan berøre ei mykje større gruppe mennesker, som for eksempel personar som har ein norsk og ein utenlandsk forelder, flyktningebarn eller innvandrarbarn som kom til Norge då dei var små, eller internasjonale adoptivbarn. Det at denne oppgåva krev ei avgrensing, gjorde at eg valte å fokusere på første-generasjons nordmenn. Eg er nysgjerrig på om denne gruppa er sårbar i forhold til mangel på anerkjennelse sidan dei sannsynlegvis har ei naturlig tilknytning til Norge, deira fødeland og heimland.

Dette temaet berører mange. I 2018 finns det i følgje Statistisk Sentralbyrå (SSB, 2018) 169 964 personar i Norge som er norskfødte med innvandrarforeldre<sup>4</sup>. Sidan dette er ein stor del av befolkninga i Norge i dag, så trur eg samfunnet har nytte av å reflektere over deira opplevingar. Det å bli født i eit land der ein lever mellom to kulturar kan bli ei stor påkjenning for enkelte, og viss ein ikkje blir gitt ein likestilt plass av majoriteten i samfunnet, så kan dette skape reelle utfordringar. Jareg (2009) nemner i evalueringa av eit mestringsorientert kurs for ungdom med etnisk minoritetsbakgrunn<sup>5</sup>, at denne gruppa kan oppleve forskjellige utfordringar i oppveksten. Enkelte kan føle seg norske men blir ikkje behandla som dette, på grunn av at dei ikkje ser ut som etnisk norske. Andre kan oppleve rasisme eller diskriminering, noko som kan føre til ei kjensle av avmakt, og som kan medføre psykiske problem for enkelte.

På generelt grunnlag kan man si at når mennesker opplever avmakt, vil noen reagere med aggresjon mens andre vil reagere med resignasjon [...] En annen naturlig måte å mestre slike situasjoner på, i hvert fall hvis man opplever mye avmakt, er å trekke seg tilbake fra majoritetssamfunnet og identifisere seg med sin egen etniske minoritetsgruppe (ibid).

Vi ser her kor samansett og samtidig aktuelt dette temaet er.

Gjennom dei siste åra har også temaet vore berørt gjennom avisartiklar og intervju av diverse første-generasjons nordmenn som prøver å utfordre måten samfunnet oppfattar og refererer til denne gruppa på. Den gjengåande tematikken i desse artiklane er kjensla av å ikkje bli anerkjent som norsk, at dei blir bedømt på grunn av utsjånad og at måten dei blir behandla på,

---

<sup>4</sup> Offisiell kategori brukt av Statistisk Sentralbyrå sidan 2008. I denne oppgåva har eg istaden valgt å bruke betegnelsen «første-generasjons nordmann».

<sup>5</sup> Namnet på kurset er «FLEXid-Fleksibel identitet: mine muligheter med flere kulturer».

fører til ei oppleving av å vere annaleis. Det blir framheva at norsk identitet kjem i mange fargar og former (Åmås, K.O., 2008; Jaquesson, K., 2010; Schjøll, A.C., 2017; Bahar, N., 2017; Bergo, I.G., 2017; Chaudhry, S., 2018; Ahamath, C., 2018). Nokre politikarar har involvert seg i debatten, til dømes Bjarne Håkon Hanssen frå Arbeidepartiet (Hanssen, B.H., 2007), og Knut Arild Hareide frå Kristelig Folkeparti (Ledaal, E.S., 2010). Begge har vist evne til å understreke at måten språket blir brukt på er med på å definere og skape skiljer, eller bygge eit meir inkluderande samfunn i dagens fleirkulturelle Norge.

For å oppsumere: viktigheita av tilhøyrighet, kjensla av eigerskap i eige liv samt språket si skapande kraft, og kor avgjerande desse kan vere for menneskelig identitet, har gitt meg stor interesse og engasjement for emnet, og motivasjon til å utforske det vidare.

## 1.2 Forforståelse <sup>6</sup>

Sidan eg har emigrert til to ulike nasjonar i Europa<sup>7</sup>, gifta meg med ein nordmann med ein annan kulturell bakgrunn enn meg, og har arbeidd med flyktningar i fleire år, har eg blitt stadig meir interessert i identitets-relaterte fenomen. Det å ha barn som er født i eit krysskulturelt ekteskap har også gjort meg meir bevisst på utfordringane dei og andre barn i same situasjon, kan møte i dette landet.

Eg meiner å ha observert ein viss nyanseforskjell i holdningane som første-generasjons nordmenn møter i forhold til samfunnet rundt seg i Norge, og den tilsvarande situasjonen i England. Dette er kanskje knytt til England si relativt utstrekte historie med immigrasjon, eller at eg budde i London, som er ein fleirkulturell by, og kanskje ikkje representativ for landet generelt. I tillegg hadde eg sjølv emigrert frå Chile til England som 17 åring, og var dermed ikkje født og oppvokst i England med innvandrar-foreldre. Eg er bevisst på at tolkningane mine derfor kan vere ganske subjektive.

---

<sup>6</sup> Forforståelse: Den norske professoren i sosial psykiatri, Tom Andersen, tok utgangspunkt i hermeneutikken og filosofen Hans Georg Gadamer (1900-2002) i bruken av begrepet forforståelse. I følge han, er alt det vi allereie kjenner til, utslagsgivande for korleis vi oppfattar ny kunnskap (Andersen 2007). Forforståelser er dermed idear, tankar og forestillingar som er forutinntatte. Desse forutinntatte ideane har vanlegvis bakgrunn i våre eigne erfaringar og dei pregar vår måte å sjå virkeligheita på.

<sup>7</sup> Eg budde i England i 14 år, og har budd i Norge i over 11 år.

Likefullt, det er mitt inntrykk at det ofte tek lang tid for menneske som har foreldre eller besteforeldre med ein ulik etnisk bakgrunn å bli aksepterte som landsmenn i Norge.

Eg blei overraska då eg la merke til at personar som har blitt født og oppvokst i Norge, som snakkar flytende norsk og føler at det er her i landet dei høyrer til, likevel blir behandla eller omtala som om dei sjølve er innvandrarar, og ikkje fullverdig norske. Dette pressar fram spørsmålet: Kva er det eigentleg å vere norsk?

Samtidig er det mange som har vakse opp her i landet som også nøler med å kalle seg sjølve for nordmenn. Er dette fordi dei føler fråværet av anerkjennelse frå samfunnet rundt seg? Kva tenker familieane deira? Er dei med på å oppretthalde og kanskje oppmuntre til kjensla av å ikkje vere norsk? Eg lurar på om første-generasjons nordmenn opplever ein slags følelse av avmakt når det gjeld å kunne definere nasjonalidentiteten sin på ein måte som følest rett for dei. Og kven er det som har definisjonsmakt over mennesker som tilhøyrer denne gruppa? Er det politikarane, samfunnet generelt, skulen eller slekta?

På den andre sida kan det vere mulig at mange første-generasjons nordmenn ikkje føler seg identifisert med det norske i det heile.

Forforståelsen som eg har bak alle desse tankane, er at dersom første-generasjons nordmenn verkeleg kunne uttrykke si tilhøyrighet, utan å bli hindra av holdningar frå familie eller samfunnet, så ville dei identifisere seg som nordmenn.

## 1.3 Begrepsavklaring

Eg vil no avklare og definere sentrale begrep som finnast både i problemstillinga mi og forskningsspørsmåla mine:

### 1.3.1 Første-generasjons nordmenn

Eg har valt dette uttrykket istadenfor det mest vanlege «andre-generasjons innvandrar», som kan bidra til å gjere «innvandrar» til ein evig kategori som ein ikkje kan sleppe unna frå, sjølv når ein aldri har innvandra, men er født og oppvokst i Norge (Aarset, Liden og Seland, 2008). I denne oppgåva ønsker eg å nytte eit meir inkluderande språk. Thorbjørnsrud (2009) understreker at når vi kallar mennesker som har blitt født og har vakse opp i Norge for «andre generasjons innvandrarar», så skiljer vi mellom dei som tilhøyrar dette landet og dei som ikkje gjer det. Han framstiller det på følgande måte:

Det mest karakteristiske ved dem blir da at de ikke egentlig hører til; de er en form for gjester som burde oppføre seg som dette. Variasjonen mellom flyktninger, innvandrere, ungdom født i Norge, rike og fattige, med og uten utdanning, religiøse og ikke-religiøse, pakistanere, tyrkere, vietnamesere, gambiere osv. forsvinner, og de absorberes i stedet inn i kategorien innvandrere som til stadighet problematiseres i den såkalte innvandreredebatten. (Thorbjørnsrud, 2009, s. 207).

Vi ser dette gjenspeila i måten Statistisk Sentralbyrå (SSB, 2008) har endra sine kategoriar for denne gruppa gjennom åra. I begynnelsen brukte SSB betegnelsen «andre-generasjons innvandrere», som i 2001 blei endra til «personer født i Norge av to utenlandsfødte foreldre», noko dei ansåg som meir presist. Seinare, sommaren 2008, endra SSB betegnelsen igjen til «norskfødte med innvandrerforeldre», som blir brukt til dags dato.

### **1.3.2 Sjølv-identitet**

Filosofen, sosiologen og psykologen, George Herbert Mead (1863-1931) beskreib sjølvet (eller sjølv-identitet) som ein sosial struktur som oppstår i sosiale erfaringar og dermed ikkje noko som er til stades frå fødselen av. Sjølvet oppstår fordi vi tek innover oss andre sine perspektiv på oss sjølv (jfr. kapt. 2.2.3). Språket er i følge Mead, den første komponenten som fører oss mot sjølvet, fordi «alle språk forsyner oss med navn og pronomener som danner grunnlaget for at vi skal kunne forstå at vi eksisterer i øynene, ørene og følelsene til andre mennesker, slik de også er objekter i våre egne erfaringer» (Mead, 1934, i Lock og Strong, 2014, s. 173).

Psykolog Kenneth Gergen, legg til at vi som individ deltek i eit mangfold av sosiale kontekstar og at kvar av desse kontekstane har ei påvirkning på korleis vi konstruerer og forstår sjølvet. Vi skaper narrativer om sjølvet ved hjelp av språk der verdilada hendingar og eigenskapar blir til ei historie om oss sjølv (ibid, s. 386).

### **1.3.3 Nasjonal identitet**

Nasjonal identitet<sup>8</sup> (jfr. kapt. 2.2.5), kjensla av tilhøyrigheit til og identifikasjon med kulturen, tradisjonane, språket og politikken til ein bestemt nasjon, blir i eit konstruksjonistisk perspektiv også til på denne måten.

---

<sup>8</sup> Nasjonal identitet er tradisjonelt forstått som etnisk homogenitet «defined in terms of common language, culture, traditions and history» (Castles, De Haas, Miller, 2014, s. 20).

I denne oppgåva har eg derfor valt å bruke betegnelsen identitet, for både sjølv-identitet og nasjonal identitet.

### **1.3.4 Utanforskning**

Utanforskning (jfr. kapt. 2.5) er eit ord som blir brukt i ulike samanhengar, men som sjeldan blir definert. KS, tidlegare Kommunenes sentralforbund (2015) definerte i 2016 utanforskning i grunnlagsdokumentet «Fra utanforskning til inkludering»:

Utanforskning betegner mennesker eller grupper som står på utsiden av fellesskapet. Det kan være personer som står utenfor skole- og arbeidsliv som har et svært begrenset sosialt nettverk eller som ikke opplever tilhørighet til storsamfunnet.

Med desse sentrale begrepa forklart, vil eg no introdusere problemstillinga og forskningsspørsmåla mine.

## **1.4 Problemstilling og forskningsspørsmål**

Med bakgrunn i refleksjonane eg har gjennomgått ovanfor, så har eg utvikla den følgande problemstillinga:

### **Norsk nok?**

#### ***Første-generasjons nordmenn sine fortellingar om tilhørighet og utanforskning***

I lys av denne problemstillinga, ønsker eg å stille desse forskningsspørsmåla:

1. Korleis beskriver første-generasjons nordmenn sin nasjonalidentitet?
2. Kva opplevingar av tilhørighet og utanforskning har første-generasjons nordmenn?

## **1.5 Relevans for studien sitt fagfelt og praksis**

Literaturen som finns om innvandrara og etterkomarane deira er ofte kvantitativ, problemfokusera og gjennomført i utlandet (Vedder & Virta, 2005; Le & Stockdale, 2008; Dekeyser, Svedin, Agnafors, & Sydsj, 2011, i Tharaldsen, 2017 s. 4). I tillegg er forskning om identiteten til første-generasjons nordmenn er begrensa, og kom ikkje igang i Norge før omkring midten av 1990 talet (Kaya, 2014, s. 149).

Norge endrar seg til eit stadig meir multikulturellt land, og identitetsrelaterte problem vil vi også møte i terapirommet og andre stadar. Eg synest derfor at det er viktig å skape eit rom for at dei marginaliserte historiene til denne gruppa skal få ei stemme.

Eg meiner også at det er viktig å bevisstgjere folk generelt om kompleksiteten i det å bli født og oppvokst i Norge, med innvandrarforeldre, og om dei utfordringane folk i denne situasjonen kan oppleve når det gjeld tilhøyrgheit og utanforskap. Dette er viktig også i samband med forebygging av ekstremisme og radikaliserings.

Kriminalitetsforebyggande koordinator i Kristiansand kommune, Johanne Benitez Nilsen, slår fast at det viktigaste vi kan gjere i arbeidet mot voldelig ekstremisme, er å arbeide for mangfold og inkludering. Fellesnevaren for dei som veljer ekstreme miljø, er ofte at dei kjenner på ein form for utanforskap. Dei søker tilhøyrgheit (Dønnestad 2015).

I dag lever vi i ei verd der det er mykje lettare enn før å bevege seg frå land til land, og derfor tenker eg at temaet kan vere relevant langt utanfor Norges grenser. Eg trur det er behov for å reflektere over denne problematikken i andre kontekster også.

## **1.6 Oppbygging av oppgåva**

Denne oppgåva er oppdelt i 6 kapittel som eg no vil oppsummere.

I første kapitlet, skriv eg om bakgrunnen for mitt valg av tema og greier ut om kva forforståelsar eg har i møte med emnet. Deretter avklarar eg nokre sentrale begrep, og så introduserer eg problemstillinga og forskningsspørsmåla mine. Eg avsluttar med å påpeike potensiell relevans for denne studien sitt fagfelt.

I kapittel to, presenterer eg det teoretiske rammeverket som eg ser på som relevant i forhold til fenomenet som blir belyst i denne studien.

I det tredje kapitlet, presenterer eg først nokre historiske aspekt ved to viktige paradigmer som finnast i vitenskapen, og viser til mi vitenskapeteoretiske forankring. Så oppsummerer eg grunnane til at eg valgte ei kvalitativ tilnærming i forskninga mi, og presenterer analysemetoden «Interpretative phenomenological analysis» (IPA), som er metoden eg brukar i mi forskning. Til slutt beskriver eg rekruttering og datainnsamlings-prosessen, framgangsmåten i analysen, og etiske refleksjonar i samband med forskninga.

I fjerde kapitlet presenterer eg funna frå analysen, og desse funna drøfter eg i kapittel 5 og knytt dei saman med teori.

I kapittel seks oppsummerer eg oppgåva mi og avrundar med nokre tankar om mulig framtidig forskning på tematikken.



## 2 Teori

I dette kapitlet skal eg starte med å vise til eksisterande forskning om identiteten til første-generasjons nordmenn. Deretter vil eg legge det teoretiske fundamentet for analysen i mi forskning. Eg kjem til å gjere greie for dei sentrale begrepa i problemstillinga mi og forskingsspørsmåla mine, som omhandlar korleis første-generasjons nordmenn beskriver sin nasjonalidentitet, og kva opplevingar dei har i forhold til tilhøyrgheit og utanforskap.

### 2.1 Relevant forskning

Som nemnd i kapt. 1.5, så er forskingane om identiteten til første-generasjons nordmenn begrensa. Eg skal likevel gi ei kort oversikt over dei tre hovudperspektiv som studier om identitet blant norskfødte med innvandrar foreldre har fokusert på sidan midten av 1990 tallet (Kaya, 2014). Deretter vil eg vise til ei forholdsvis nylig forskning som tangerer temaet i studien min.

#### 2.1.1 Tidligare forskning om «andregenerasjons-innvandrarar»

I følge Kaya (2014) har desse forskingane konsentrert seg om desse tre perspektiva:

-Det første perspektivet fokuserer sterkt på det to kulturelle. Første-generasjons innvandrarar blir på den eine sida prega og til tider begrensa av foreldra sin fokus på kulturen i heimlandet, og på den andre sida påvirka av tradisjonar frå det norske samfunnet. På denne måten endar dei opp mellom to kulturar som er ulike og ofte i konflikt med kvarandre (Kaya 2000; Øzerk, 1994 i Kaya 2014).

-Ein motreaksjon var å framstille kulturen til første-generasjons nordmenn som ein ungdomskultur som gjekk «på tvers av etniske, kulturelle og moralske grenser» (Eriksen, 1994, 1997, Fangen, 2006 i Kaya, 2014). Her blir dei sett på som «brubyggarar», som er mindre fokusert på etnisitet og er meir interessert i mangfold og openheit, og skapar ein tredje kultur med basis i foreldre kulturen og den norske kulturen.

-Det tredje perspektivet omhandlar kroppsliggjort kunnskap og det pre-refleksive, det vil seie det som ein implisitt mottek frå foreldra sin kultur og handlingar, uten at det treng å bli drøfta

eller argumentert for, og som påvirkar identitet og handling (Østberg, 2003; Prieur, 2004; Strandbu, 2006; Liden, 2005; Bredal 2006 i Kaya 2014).

### **2.1.2 Østkantstudie: Norsk men ikkje «Ola Nordmann»**

Tharaldsen (2017) utførte ein kvalitativ undersøkelse om tilhøyrgheit og gruppeidentitetar mellom etterkommarar av innvandrarar, eller første-generasjons nordmenn. Tittelen er «Jeg er norsk, men jeg kommer aldri til å bli Ola Nordmann». Ho intervjuar sju deltakarar frå same vidaregåande skule på østkanten av Oslo. Deltakarane var mellom 16 og 18 år, både gutter og jenter med ulike religionar. Studien hadde som mål å lytte til informantane si forståing av integrering og korleis språk og religion påvirka deira kvardag og identitet.

Ho fann at informantane viste tilhøyrgheit til begge sine relevante grupper i ein dual identitet, og at ulike aspekt ved den duale identiteten ville vere meir framtrødande når hensiktsmessig. Elles fann ho at det finns mange måter å definere «det norske» på, og at deltakarane ønsker ein definisjon av det norske som er meir romsleg, for å kunne få innpass. Studien viser også at deltakarane uttrykte at dei ikkje var oppfatta som fullverdige nordmenn av majoriteten, på grunn av ytre kjennetegn som hudfarge og hijab (ibid, s. 44)

Eg skal no gjere greien for teorien eg har valgt å bruke i denne undersøkelsen.

## **2.2 Identitet**

Begrepet identitet er stort og omdiskutert. I si enklaste form, er det «selvforståelse, altså hvem man er i forhold til andre» (Ashmore og Jussim, 1997 i Salole, 2013, s. 43). Eg skal her presentere to viktige perspektiv på identitet som er motsatte teoritradisjonar: ei essensialistisk identitetsforståing der identitet er sett på som medfødt og derfor nokså statisk og upåverka av eksterne forhold, og ei konstruktivistisk identitetsforståing, der identiteten er dynamisk, i den forstand at den kan endrast og utviklast over tid (Eriksen, 2004; Anderson, 1991; Barth, 1969; Mead, 1934, i Kaya, 2014, s. 148). Vi skal sjå nærmare på desse to teoriperspektiva.

### **2.2.1 Essensialistisk og konstruktivistisk identitesforståelse**

Debattane rundt identitet kjem frå ei tradisjonell filosofisk tenkning der ein organiserer konseptar «essensiell» på den eine side og «kontekst-avhengig» og «ikkje-essensiell» på den andre. Generelt sett, dersom ein eigenskap er kontekst-avhengig, så er den betrakta som ikkje-

essensiell (Alcoff 2006, s.89). Idear om identitet, eller det å ha eit «sjølv», har utvikla seg over tid. Som eit resultat av psykodynamiske påståelsar har vi hatt ei forståing av identitet, eller sjølvet «som en indre enhet som er relativt stabil og i stor grad utilgjengeleg for oss fordi så mye befinner seg i det ubevisste» (Jansen, 2013,s.37). Forfattar og psykologi professor, Michelle Crossley (2000), hevdar at ein felles antakelse mellom behavioristane og psykodynamiske teoretikarar er at:

... selvet eller en persons identitet kan beskrives som noe essensielt og reelt, enten som en entitet eller enhet som bor inne i hver og en av oss, eller som observerbar atferd. (Crossley 2000 i Jansen, 2013, s. 37).

Den amerikanske psykologen Jerome Bruner (1915-2016) er uenig med dette konseptet. Han benektar ideen om eit slikt essensielt sjølv, og foreslår eit meir relasjonelt syn. I følge han konstruerer og rekonstruerer vi oss sjølve heile tida, avhengig av dei krav vi møter i forskjellige situasjonar i livet (Bruner, 2002 i Jansen, 2013, s. 36). Denne oppbygginga av sjølvet er ikkje sett på som kun ein individuell prosess. Michael White (1948-2008), ein stor bidragsytar til den narrative tilnærminga i familieterapi, viser at vi ikkje skapar identitetane våre gjennom introspeksjon, men gjennom relasjonar som er forankra i historiske og kulturelle kontekstar. Viktige personar i våre liv evaluerer oss på både positive og negative måtar, og dette formar vårt sjølvbilde. White forklarar at «vårt internaliserte selv, vårt selvbilde, eller våre selv-narrativer er et produkt av viktige andres stemmer i våre liv, og slik sett, en sosial konstruksjon» (White i Lundby 2009, s. 61). Disse indre sjølvfortellingane som White omtalar, er gjort mulig på grunn av mennesket sine tolkningsevner.

### **2.2.2 Mennesker som fortolkande vesen**

Som mennesker fortolkar vi stadig våre erfaringar. Vi prøver å gi mening til det vi opplever, og for å kunne gjere det, må vi ha tilgang til ei fortolkningsramme eller ein kontekst<sup>9</sup> som gjer meningsskaping mulig. Meiningsa som blir skapt i fortolkningsprosessen er ikkje nøytral, men har følger for det vi gjer i livet. (White 2006, s. 27).

---

<sup>9</sup> Biolog og antropolog Gregory Bateson (1904-1980) var ein av dei fremste representantane for den systemiske tankegangen. Bateson var postmoderne, og definerte kontekst som ei psykologisk forståelsesramme eller vår personlige observasjonsramme, det vil seie at konteksten betegnar den kommunikasjonsmessige, meningsberande ramma som vi forstår fenomen innanfor, og som hjelper oss å tolke det vi ser. Bateson er også kjent for å ha sagt at «uten kontekst har ord og handlinger ingen mening i det hele tatt» (Jensen og Ulleberg, 2011, s.99).

### 2.2.3 Rolletaking og den generaliserte andre

George Herbert Mead (1863-1931) la fram ein teori om korleis sjølvbildet blir bygd opp og utvikla, basert på tolkingar av andre sine forventningar, og at dette er avhengig av at vi kan ta ein annan person si rolle, derav begrepet «rolletaking». Evna til rolletaking aukar gradvis og proporsjonalt med utviklinga av språk og sosial erfaring. Kvart menneske er på ein måte så mange personar som dei rollene dei opptre i (Schiefløe, 2011, s. 294) og «det stadig større mangfoldet av sosiale kontekster muliggjør varierte identiteter» (Gergen i Lock og Strong, 2014, s. 386). Dette betyr at vi opptre ulikt, alt etter om vi er på jobben, med venner, heime, eller liknande, sidan den sosiale konteksten endrar seg.

Mead beskriv «den generaliserte andre» som «de allmenne normene og verdien vi bruker som målestokk for å vurdere oss selv og vår egen atferd». Den generaliserte andre blir utvida med alderen og vil ved modning til slutt dekke det som vi forstår som samfunnsrelevant. Samtidig vil den ofte variere, for vurderingsgrunnlaget er ikkje det same for alle. Målestokken kan endre seg med ulik sosial eller kulturell bakgrunn (Schiefløe, 2011, s. 294).

Mead sin teori er spesielt relevant i forhold til krysskulturelle barn<sup>10</sup>, som hentar fram ulike sider av seg sjølv ettersom dei må forholde seg til forskjellige forventningar. På denne måten kan dei fungere i sine varierte kulturelle kontekstar. Dette kan føre til at «de har svært forskjellige personar, og dermed nesten kan fremstå som ulike mennesker avhengig av hvem de snakker med» (Salole, 2013, s. 43).

### 2.2.4 Språket og identiteten

Cambridge-filosofen Ludwig Wittgenstein (1889-1951) uttalte følgande: «Grensene for mitt språk er grensene for mi verd». Dette konseptet har betydning for sjølvet sitt språk.

Terminologien som blir brukt for at våre personlegheiter skal uttrykke seg, med andre ord, uttrykk for kjensler, motivasjon, tankar, verdiar, meiningar o.s.v. begrensar våre handlingar. Utan sjølvet sitt språk ville våre sosiale relasjonar vere umulig å gjenkjenne (Gergen, 1991, s. 6).

Frå dette følger det at meining ligg i språket. Og viss vi forstår identitet som personleg meiningsdanning, så blir den skapt «gjennom dei historiene som vi fortel om oss sjølve og våre medmenneskelige relasjonar» (White 2006, s. 22).

---

<sup>10</sup> Krysskulturelle barn: barn som har levd eller lever med regelmessig påvirkning frå to eller flere kulturer i en betydelig del av barndomen (Salole, 2013, s. 37). Alle mine informanter har hatt erfaring som krysskulturelle barn.

Min posisjon når det gjeld måten å forstå sjølvvet på og korleis dette blir skapt i det sosiale, er konstruktivistisk. Denne forståelsen underbygg heile forskninga mi og punktueringane<sup>11</sup> mine når det gjeld val av teorimaterialet, analysen og drøftinga.

### **2.2.5 Nasjonal identitet**

I faglitteraturen blir det ofte fokusert på ulike typer identitet, som til dømes kulturell identitet, sosial identitet, etnisk identitet, nasjonal identitet og personlig identitet, men i vår livserfaring opplever vi at desse identitets-områda stadig berører kvarandre. Denne samanflyten gjeld i høgste grad for krysskulturelle barn og dermed første-generasjons nordmenn (Salole, 2013, s. 43). Sidan forskinga mi fokuserer spesielt på nasjonal-identiteten til informantane mine og deira opplevingar av tilhøyrighet og utanforskap, skal eg no belyse ulike aspekt ved dette. På eit makro nivå har nasjonal identitet tradisjonelt blitt forstått som etnisk homogenitet, i form av felles språk, kultur, tradisjonar og historie (Castles, De Haas, Miller, 2014, s. 20). Migrasjon kan derimot endre demografiske, økonomiske og sosiale strukturar, og skape eit nytt kulturelt mangfald, der det ofte blir satt spørsmål ved nasjonal identitet (ibid s. 7), noko som framkallar nye måtar å definere nasjonal identitet på. På den andre sida, finn ein innvandringskritiske stemmer som ser på etniske minoritetar som ein trussel mot økonomisk velstand, offentlig orden og kulturell homogenitet (ibid, s. 57).

Det er i denne konteksten at nasjonal-identitet på eit mikronivå, eller personlig nivå, blir skapt. Det er då viktig å forstå at sjølvkjensle og identitet ikkje er noko ein «har» ein gong for alle, men noko som «presenteres, diskuteres, forhandles, bekreftes, og avvises, i samvær med andre» (Gullestad, 2002, s. 64). I denne prosessen spelar foreldra, menneske med same etniske bakgrunn og storsamfunnet generelt ei avgjerande rolle, fordi identiteten til første-generasjons nordmenn blir til i samhandling med førestillingar dei møter hos desse (Alghasi, Fangen og Frønes, 2006, s. 22).

Vi forstår derfor kor komplekse og samansette desse prosessane er. Det forsterkar seg ved at minoritetane i eit land blir definert ved etnisk ulikskap og opplever bakkdelen med å leve i eit

---

<sup>11</sup> Jensen (2009, s. 36) forklarar punktuering som følger: «...enhver interaksjonssekvens har et uendelig informasjonspotensial. Når noe likevel framstår som informasjon, kommer det av at vi fastholder visse punkter i den sirkulære prosessen. Å fastholde et slikt punkt kalles å punktuere. Å punktuere er altså å stoppe prosessen og å gi informasjonen et navn. Når informasjonen får et navn eller gir en avgrenset mening, gjør vi en punktuering. Ethvert begrep vi anvender, eller ethvert navn vi gir et fenomen, er vår tolkning av en situasjon og vår punktuering».

samfunn der majoriteten har eigarskap over nasjonens si «storfortelling» eller historie (Fenton 2011,s. 14), noko eg skal sjå nærmare på.

## 2.2.6 Definisjonsmakt og den norske identiteten

Dominerande grupper har tradisjonelt sett hatt definisjonsmakt når det gjeld kva som er normalt eller avvikande. Heilt frå barndomen lærer vi om nasjonen si historie, som på ein implisitt måte lett kan ekskludere innvandrarar og deira etterkomarar. Alghasi et al (2006, s. 21) poengterer følgande: «I historie-undervisningen lærer barn at en gang var vi slik, derfra kommer vi. I dette bildet passer ikke innvandrere inn».

Dette er eit sentral problem når minoritetsgrupper ønsker lik behandling og inkludering: «Dersom den nasjonale historia er eksklusiv, så må den på eit eller anna vis, omskrivast» (Fenton 2011,s. 14).

Majoritetsgrupper har også ofte makt til å definere når minoritetar må bli som dei, og når dei skal sjåast på som annerledes; når dei skal bli assimilert eller segregert. Sosiolog Stephen Steinberg illustrerer dette i sin kritikk av amerikanske etnisitets-studier:

Immigrants (from Europe) were disparaged for their cultural peculiarities, and the implied message was: «You will become like us whether you want to or not». When it came to racial minorities, however, the unspoken dictum was, «no matter how much like us you are, you will remain apart» (1981, s. 42, i Eriksen, 2010, s. 176).

Denne tankegangen er ikkje eit absolutt ukjent fenomen her i landet heller. «Nordmenn» sit med definisjonsmakta i mange ulike sosiale situasjonar, ofte utan å vere klar over at dei har denne makta (Gullestad, 2002, s s.92). Som eit resultat blir etniske identitetar lett til motidentitetar i forhold til majoritetsgruppa. Eit typisk eksempel er at nordmenn kan føle seg trua av veksten av muslimar i landet, og det har blitt meir akseptert å uttale seg med skepsis om dette i det offentlige rom (Alghasi et al, 2006, s. 22).

Når innvandrarar bevisst eller ubevisst blir kategorisert som «gjestar», «inntrengarar» og «okkupantar» så blir majoritetsgruppa si makt over minoritetsgruppa tydelig bekrefta (Gullestad, 2002, s 116). Identitet er altså noko som blir konstruert og rekonstruert i det relasjonelle, som er vist ovanfor (jfr. kapt. 2.2.1 og 2.2.3). Det at dei viktige andre sine stemmer i våre liv og i samfunnet har ei så stor virkning på oss menneske, viser etter mi meining viktigheita av å ha ei inklusiv holdning til både innvandrarar og norskfødte personar

med innvandrare-foreldre. Personlig identitet har med oppfatninga av egne kvalitetar og eigenskapar å gjere. Dei sosiale og kulturelle aspekta av identitet er, på den andre side, knytt til opplevinga av tilhøyrigheit og gruppe-felleskap, noko som eg skal presentere i neste del.

## 2.3 Sosiale grupper

I sosialpsykologien, som er i kryssfeltet mellom psykologi og sosiologi, er sosial påvirkning og forholdet mellom individ viktige tema (Schiefløe, 2011, s. 287).

Eg skal no fortsette med å legge fram teori som stammar frå sosialpsykologien, og vil fokusere på tema som omhandlar forskningsspørsmåla mine; tilhøyrigheit og utanforskap, og korleis desse utspelar seg i det sosiale livet.

### 2.3.1 Sosiale mennesker og sosiale grupper

Mennesker er sosiale vesen som er i samspel med andre frå fødselen av. Vi er avhengige av andre for å fungere som individ og som medlemar i grupper. Vi har to essensielle sosiale behov, det å høyre til og behovet for fellesskap med andre, og desse er avgjerande for oppførselen og preferansane våre (Schiefløe. 2011, s. 333, jfr også forskningsspørsmåla om tilhøyrigheit og utanforskap i kapt.1.4).

Grupper er ein vesentleg del av det sosiale livet. Det er i grupper vi konstruerer og stadfestar sosial identitet og tilhøyrigheit, og tileignar oss kultur. Det er også der at den uformelle sosiale kontrollen skjer, sidan gruppedeltakarane «passer på hverandre, korrigerer atferd og fordeler positive og negative sanksjoner» (Schiefløe. 2011, s. 340).

Ønsket om å vere som andre og bli anerkjent som fullverdig gruppedlem, gir større tilbøyelighet til konformitet (Schiefløe. 2011, s. 342).

Sosiallivet vårt har fleire dimensjonar. Schiefløe (2011, s. 109) stiller det opp på denne måten:

**Figur 1.** Sosiale grupper i ulike nivå.

Mikronivå:	Familien står sentralt. Venner og nære kollegaer er også viktige.
Mesonivå:	Arbeidslivet samt lokalmiljø og frivillige organisasjonar
Makronivå:	Nasjonen både juridisk og kulturelt.

Dette oppsettet er interessant, sidan det viser måten vi er delaktige i ulike grupper på. Vi kan identifisere oss med ei gruppe, men samtidig falle utanfor ei anna gruppe. Vi kan t.d. kjenne tilhøyrighet til familien vår, utan å identifisere oss med nasjonen sin kultur, eller motsatt.

### **2.3.2 Utviklinga av ein tredje kultur**

Første-generasjons nordmenn sin oppvekst som krysskulturelle barn, kan forståast i eit gruppetenkings-perspektiv. Det er spesielt relevant, fordi grupper handlar om tilhøyrighet og identitet:

Å ikke få lov til å være en del av et «vi» man selv føler at man har tilknytning til, kan være problematisk. Det samme gjelder å tvinges til å forholde seg til et «vi» man ikke helt og fullt føler seg som en del av. Men å tilhøre flere «vi» og ha egenerfaring med at det finnes sannhet og riktighet i begge leire, er også en fantastisk ressurs (Salole<sup>12</sup> 2013, s. 71).

Slik ser vi at nyskaping av ein tredje kultur kan finne stad. I følgje Kaya (2000, i Kaya 2014, s. 147), utviklar første-generasjons nordmenn ein særeigen kultur i den forstand at dei tek med seg delar av foreldre-kulturen og samtidig erfaringar frå det norske samfunnet og skapar noko nytt gjennom å bygge bruar mellom desse to. Ein skaper ein tredje kultur, men ønsker samtidig å vere knytt til foreldre-kulturen eller «innanfor» nasjonal-kulturen. Å vere innanfor eller utanfor er eit gjengåande tema, noko eg skal utdjupe litt.

### **2.3.3 Inngrupper og utgrupper**

Tajfel (1972, i Schiefloe, 2011, s. 181) meiner at sosial og kulturell identitet er nært knytt til identifikasjon – kven vi føler oss som ein del av og indentifiserer oss med. Slik identifikasjon oppstår når ein erkjenner tilhøyrighet til ei bestemt sosial gruppe, samtidig som ein vektlegg denne tilhøyrigheita på både ein emosjonell og verdimeessig måte. I sosiologien og sosialpsykologien blir dette kalla «inngruppe», og inneber opplevinga av å vere ein del av ei gruppe, eller «oss». På den andre side, finn vi «dei», som ein tek avstand frå, som er utanfor, ei «utgruppe» (ibid, s. 345). Forståinga av desse grupperingane er relevant i forhold til forskningsgruppa mi, p.g.a. at første-generasjons nordmenn lett kan oppleve å bli oppfatta som ei «utgruppe» av andre i Norge – altså som innvandrara i staden for det dei er: felles landsmenn.

---

<sup>12</sup> Lill Salole er ein forfatter og foredragsholder som har MA i psykologi. I fleire år har ho jobba med tema rundt barn og ungdom som veks opp i migrant eller blanda familier, med spesielt fokus på identitet og tilhøyrighet.



### 2.3.4 Nasjonalitet og identifikasjon

Nasjonalitet og identifikasjon er typisk sett betrakta som parallelle fenomen i majoritetsbefolkninga, sidan dei vanlegvis er født i landet, av norske foreldre, og har norsk statsborgarskap (juridisk nasjonalitet), og som samtidig *føler* seg som nordmenn både språklig og kulturelt (norsk identifikasjon). For etniske minoritetar<sup>13</sup> derimot, er ikkje identifikasjon og nasjonalitet nødvendigvis samanfallande. Dei er nordmenn juridisk, med alle rettar som norske statsborgarar, men kan likevel føle seg som noko anna, t.d. somalisk eller indisk. Eller dei prøver å balansere mellom ulike sosiale identitetar og kan oppleve situasjonen som konfliktfylt eller krevande (Schiefloe, 2011, s. 181). Anerkjennelse har ei avgjerande rolle i prosessen med å forme den sosiale identiteten, for den blir stadfesta gjennom validering (ibid, s. 295).

Erfaring viser at ein kan vere etnisk norsk utan å føle seg kulturelt som norsk, dersom ein ikkje har vokse opp i Norge. Like fullt kan ein oppleve Norge som sitt kulturelle heimland<sup>14</sup>, sjølv om foreldra er innvandrarar og ein har annan etnisk utsjånad enn majoritetsbefolkninga. Dette bryt med typiske kategoriseringar, og påverkar første-generasjons nordmenn si oppleving av tilhøyrighet og dermed identitet (Salole, 2013, s. 33).

## 2.4 Tilhøyrighet

Eg skal no presentere forskjellige aspekt som er relatert til tilhøyrighet.

### 2.4.1 Faktorar som medvirkar til tilhøyrighet

Det er fleire faktorar som kan medvirke til å skape tilhøyrighet.

- Å mestre språket:

Språk kan bidra til kjensla av tilhøyrighet. Salole (2013, s. 146) poengterer at:

Språk og kommunikasjonspremisser har en sammenheng med hvordan vi tenker og resonnerer, samt hvordan vi uttrykker og regulerer følelser. Språk uttrykker verdier og

---

<sup>13</sup> Etniske minoritetar kan definerast som «grupper som har fått ein underordna posisjon i samfunnet av dei dominante gruppene med grunnlag i sosialt konstruerte markørar av fenotype (dvs. fysisk utsjånad eller rase), bakgrunn eller kultur» (Castles et al. 2014, s. 57).

<sup>14</sup> Heimland: det landet ein føler mest tilhøyrighet til (Salole, 2013, s. 37).

verdenssyn i et samfunn, både implisitt og eksplisitt, direkte og indirekte [...] Språk er dermed tett knyttet til identitet, også hos flerspråklige barn.

På same måte kan mangel på språk, eller ufullstendig språk bidra til opplevelsen av utanforskap. Nyansar blir borte, ikkje-verbal kommunikasjon (gestikulering, toneleie og ansiktsuttrykk) blir vanskelegare, noko som kan føre til at folk fell utanfor (ibid, s. 149). Dette heng saman med neste punkt.

- Å kjenne kodene, ideala og verdiane

Gjennom språket, interaksjon, media etc. får ein tilgang til kodene, ideala og verdiane i samfunnet. Kjensla av å høyre til i Norge er meir sannsynleg dersom ein kan identifisere seg med desse (Salole Skjerven 2006, Eriksen 2013, i Salole 2013, s. 148).

- Fysisk avstand

Tilhøyrigheita til krysskulturelle barn kan vere omskiftande, og kan bli sterkast i forhold til den kulturen dei har størst fysisk avstand til. Til dømes kan enkelte oppleve at dei kjenner seg mest norsk når dei er i sitt andre tilhøyrighetsland (for første-generasjons nordmenn blir dette landet foreldra kjem frå) men meir utenlandsk når dei er i Norge (Fladstad, 1993, Lie og Abrahamsen, 2009, i Salole 2013, s. 149).

- Oppleving av anerkjennelse

Anerkjennelse er avgjerande for at krysskulturelle barn og ungdom, eller første-generasjons nordmenn, skal oppnå kjensla av å høyre til i det norske samfunnet, eller både i den norske og i foreldre-kulturen samtidig. Denne kjensla av tilhøyrighet får dei fordi dei mottar validering av perspektiva og opplevelsane dei bringer med seg (Berry mfl. 2006, Salole Skjerven 2006, Toverud Godø og Music 2011, i Salole 2013, s. 154).

## **2.4.2 Tilhøyrighets-paradoks**

Tilhøyrigheita til krysskulturelle barn (og dette inkluderer første-generasjons nordmenn) blir ofte uttrykt på paradoksalt vis i det offentlege rom, og har blitt rapportert på følgande vis: Dersom nokon med innvandrarakgrunn oppnår høg status som artist, akademikar, sportsutøvar eller liknande, så blir dei ofte omtalte som «nordmenn». Derimot når nokon med

innvandrarbakgrunn gjer noko negativt eller uheldig, så blir personen primært omtala som «utlending» (Salole, 2013, s. 144).

Dette berører temaet utanforskap, som eg ønsker å belyse litt grundigare.

## 2.5 Utanforskap

Tilhøyrligheit og utanforskap (jfr. kapt. 1.3.4) er sentrale tema for første-generasjons nordmenn. Det er derfor hensiktsmessig å utforske dette nærmare.

### 2.5.1 Faktorar som kan føre til utanforskap:

Utanforskap kan ha bakgrunn i mellom anna desse faktorane:

- Majoritetsbefolkninga sitt syn på utsjånad

Sjølv om ein første-generasjons nordmann er komfortabel med majoritetssamfunnet sitt språk og dei “koder, normer og referanserammer” som eksisterer, så kan likevel majoritetsbefolkninga behandle personen som utlending på bakgrunn av utsjånad (Salole, 2013, s.44). I Norge kan difor personar med «synlig minoritetsbakgrunn» bli oppfatta som framand, uansett kor godt integrert dei er i samfunnet. Diskriminering, ekskludering og dårlig behandling kun med basis i hudfarge og klesval, blir rapportert av etnisk minoritetsungdom (OMOD 2006, Fangen 2009 i Salole 2013, s. 178). På den andre sida kan personar med innvandrarbakgrunn som har lys hudfarge, kunne oppleve det motsatte: at mange ikkje innser at dei har tilhørt eller tilhører kategorien innvandrar (Alghasi et al, 2006, s. 26).

- Ulike former for sosial utestenging

Sosial utestenging uttrykker seg på mange ulike måtar. På det mest ekstreme kan det vise seg gjennom statsstøtta politiske vedtak, og på den andre sida av skalaen finn vi ulike former for dagligdagse utestengingar, vist gjennom t.d. verbale og ikkje-verbale uttrykk som kanskje ikkje er meint som utestenging, men som opplevast slik av den andre personen (Fangen, Johansson og Hammaren, 2012, s. 1).

- Restriksjonar frå eiga familie

Mangel på anerkjennelse kan også opplevast i familien. Enkelte blir kritisert eller anklaga for å vere «altfor norske». Slike anklagar botnar vanligvis i foreldra si uvitenheit og/eller usikkerhet, og eit sterkt ønske om å verne barna sine mot noko dei ser på som ein trussel eller ei fare. Mange foreldre har også ein internsjon om å reise tilbake til heimlandet, og vil difor ikkje at barna deira skal bli altfor «norske». Dette kan føre til at barna ikkje utviklar tilhøyrighet til staden dei veks opp på (Salole 2013, s. 157).

- Samanblanding av nordmann og utlending

Innvandring i Norge er ei blanding av flyktningar frå ulike områder, «gjestearbeidarar» som har blitt verande, og familiegjeningar (Alghasi et al, 2006, s. 29). Betegnelse «utlending», «framand» og «framandkulturell» har negative konnotasjonar, og indikerer ikkje berre at noko er annaleis, men også at det er mindreverdige. Første-generasjons nordmenn blir inkludert i desse betegnelse, og blir ståande saman med dei andre som ein kontrast til uttrykka «norsk» eller «innfødd», som er brukt for etniske nordmenn (Kaya, 2014, s. 152).

- Tematisering av opphav

Kjensla av å vere norsk er ofte ei sjølvfølge for mange internasjonale adoptivbarn og barn som er født i Norge av innvandrere og flyktningar. Deira nasjonalidentitet blir først utfordra når andre tematiserer dette ved å stille spørsmål og oppfølgingsspørsmål om kvar dei kjem frå. Slike spørsmål kan opplevast som å bli plassert på utsida (Oppedal mfl. 2011, Youmans 2009, Sandset 2012 i Salole, 2013, s. 143).

Utanforskap kan oppstå av mange komplekse og samansette grunnar. Her vil eg kort nemne nokre mulige konsekvensar av utanforskap.

## **2.5.2 Mulig effekt av utanforskap**

Vi veit at det finns ungdomar som beskriver seg sjølv som utlendingar, sjølv om dei er født og oppvokst i Norge. Desse ungdomane fortel ofte om negative erfaringar, samt manglande anerkjennelse og aksept (Berry mfl. 2006, Salole Skjerven 2006, Toverud Godø og Music 2011, i Salole 2013, s. 154).

Når anerkjennelse frå både foreldre og samfunnet uteblir, kan individet bli ekstra sårbart.

Venstre-politikar Abid Raja viser til britiske studier og hevdar:

Dette kan skape frustrasjon og i mange tilfeller dypere marginalisering [...] En slik marginalisering kan i verste fall resultere i en søken mot voldeleg opprør, brødre- og søsterskap som fremmer radikaliserings og ekstreme holdninger der de finner et felleskap, en respekt og en bevegelse de kan påvirke og ha tro på (Raja, 2010 i Salole, 2013, s. 156).

I tillegg indikerer studier at der er kobling mellom manglande nettverks-tilknytning og ulike typer sjukdomar (House 1988, Bø 1993 i Schiefloe, 2011, s. 352).<sup>15</sup>

No har vi sett på teoriar som omhandlar identitet, sosiale grupper, tilhøyrgheit og utanforskap. Sidan denne oppgåva er begrensa, har eg ikkje høve til å gå i djupare detalj i dette kapitlet, men eg kjem til å inkludere meir teori i drøftinga (kapt. 5). Eg skal der diskutere korleis opplevingane til informantane kan relaterast til det teoretiske grunnlaget.

Vidare skal eg no gjere greia for metoden eg har brukt i forskninga mi.

---

<sup>15</sup> Psykiateren Odd Steffen Dalgard fann i ei undersøking i bustadområder i Oslo ein tydelig samheng mellom psykiske lidelsar og svak eller manglande sosial integrasjon (Dalgard, 1980, i Schiefloe, 2011, s. 352).

## 3 Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for mi vitenskapsteoretiske forankring, og vise korleis dette fører meg til val av analysemetode. Eg vil vidare forklare grunnlaget for den valgte metoden, og beskrive framgangsmåten som eg brukte i dette forskningsprosjektet, som fokuserer på opplevingane til første-generasjons nordmenn i forhold til tilhøyrgheit og utanforskap i det norske samfunnet. Til slutt skriv eg om mine etiske refleksjonar i samband med prosessen.

### 3.1 Vitenskapsteoretisk forankring

Grunnen til at det er viktig for ein forskar å klargjere den epistemologiske og ontologiske<sup>16</sup> ståstaden sin, er at det er eit gjensidig påvirkningsforhold mellom forskaren sine teoretiske utgangspunkt og tendensar i datamaterialet i ei forskning. Det vil seie at mi vitenskapsteoretiske forankring vil ha betydning for kva eg søker informasjon om, og dannar eit utgangspunkt for den forståelsen eg utviklar med forskninga mi (Thagaard 2009, s. 35). Eg skal no presentere begrepet «paradigme» og deretter, to motstridande syn som eksisterer innan vitenskap og som styrer forskarar ikkje berre i valg av metode, men på epistemologiske og ontologiske grunnleggande måtar.

Den amerikanske fysikaren, filosofen og vitenskapshistorikeren Thomas Kuhn introduserte begrepet «paradigme» i si bok «The structure of Scientific Revolutions», som vart utgitt i 1962 (Thuren, 2013). Eit paradigme er i følgje Kvale og Brinkman (2015, s. 269) ofte betegna som «den teoretiske rammen man bruker til å tolke og forstå et empirisk materiale». Alle funn blir fortolka inn i dette totalbildet, også funn som ved første blick ser ut til å stå i strid med hovedtesen (Bjartveit og Kjærstad 1996, s. 106). Eit paradigme blir ei teoretisk forståelsesramme innan vitenskapen - eit verdens bilde, ei linse som vitenskapen oppfattar virkeligheita gjennom til ei kvar tid.

#### 3.1.1 Det mekanistiske paradigmet

---

<sup>16</sup> Epistemologi er ei filosofisk grein som er relatert til kunnskapsteori, og som ønsker å besvare spørsmåla om korleis og kva vi kan lære. Ontologi er det filosofiske studiet av kva som mest grunnleggande sett eksisterer eller finnast (Willig, 2013).

Det dominerande paradigmet i vitenskapen i Vesten sidan opplysningstida, har vore det mekanistiske paradigmet. Medan menneska i middelalderen såg på verda og naturen som ein organisme i eit konstant samspel, gjekk dei over til å samanlikne mennesker og natur med maskiner i opplysningtida (Jensen 2009, s.19). Derfor fekk paradigmet betegnelsen «mekanistisk». Denne maskin-menneske metaforen hadde som bakgrunn det newtonske univers, der verda var rasjonell, forutsigbar, oversiktlig og ikkje minst kontrollerbar (Bjartveit og Kjærstad 1996, s. 108).

Den franske filosofen Rene Descartes (1596-1650) bidrog med nokre av dei viktigaste ideane til dette paradigmet. Descartes var ein framstående matematikar som hevda at det var mulig å definere virkeligheita med matematiske formlar: den vitenskapelige sannheita, skulle vere sikker og absolutt (Jensen og Ulleberg 2011, s. 80). Ein av dei viktige ideane til Descartes var ein vitenskapelig metode der eit problem blir delt opp i så mange deler som mulig som deretter skulle undersøkast systematisk, bli telt og kontrollert. Descartes si tilnærming var eit rammeverk av objektiv og rasjonell vitenskap der ein kunne «utforske og kodifisere naturen» (Lock og Strong, 2014, s. 294).

Den positivistiske menneske-forståelsen utvikla seg frå maskinmetaforen og det mekanistiske paradigmet. Det er ei filosofisk retning som er basert på ideane til den franske filosofen Auguste Comte (1798-1857), som blei ein av grunnleggarane av sosiologi-faget. Ein av hovudtankane var at ein skulle kunne formulere lover for sosiale fenomen på same måte som i fysikken. (Ulleberg, 2012, s.28). I Positivismen blei det reagert mot religiøse dogmer og ein ønskte ein retur til observerbare data (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 79). I følge Sletnes (2018), så søker den positivistiske vitenskapen årsaks-forklaringar, lovmessige eller nomotetiske samanhengar, der empiri står sentralt. Den kvantitative forskningsmetoden blei forankra i denne forståelsen.

### **3.1.2 Det hermeneutisk-fenomenologiske paradigmet**

Som ein reaksjon på positivismen oppstod det vi no kjenner til som den hermeneutisk-fenomenologiske tilnærming. Denne tilnærminga har hovudfokus på det relasjonelle, der ein studerer dynamikken i forholdet mellom forskninga sine subjekt og objekt, og forskaren si subjektive påvirkning i vitenskapen (Thagaard, 2009, s. 40-41).

Hermeneutikk henta namnet sitt frå den greske guden «Hermes», som var tolken til gudane (Lock og Strong, 2014, s. 87). Fenomenologi og hermeneutikk er samanknytt på ein måte som gjer at det ikkje er mulig å adskille dei (jfr. 3.2.1 for utdypning). Opprinneleg var

hermeneutikken ei lære om tolkning av tekster, men den tyske filosofen, historikaren, psykologen og sosiologen Wilhelm Dilthey (1833-1911), utvida den til å bli dei humanistiske vitenskapane sin metode. Åndsvitenskapane var av ein annan karakter enn naturvitenskapane, meinte Dilthey, og vektla behovet for ein metode som «fokuserte på det å forstå framfor å forklare» (Ulleberg, 2012, s. 28). Dei europeiske filosofane Martin Heidegger (1889-1976), Hans Georg Gadamer (1900-2002) og Paul Ricoeur (1913-2005) vidareutvikla hermeneutikken til å bli ein «filosofisk teori om all forståelse», der grunnlaget var korleis mennesket relaterer til omgivelsane sine og fortolkar verda (ibid, s. 28). Dette starta ein postmoderne hermeneutisk revolusjon.

### **3.1.3 Postmodernismen, konstruktivisme og sosialkonstruksjonisme**

Postmodernisme baserer seg på to hovudidear; at menneskeleg forståing kun er mulig gjennom språket, og at kvar forståing blir avhengig av sin sosiale, historiske og kulturelle kontekst. Jensen (2009) forklarar at postmodernismen avviser objektivismen og ideen om nøytralitet. I tråd med dette viser ein postmoderne filosofi skepsis til kunnskap som er basert på observasjon av andre mennesker, og at forskarane er delaktige i det dei utforskar. (Johnsen og Torsteinsson, 2012).

Innanfor den postmodernistiske retninga, har det konstruktivistiske perspektivet ei særstilling, der kunnskap blir oppfatta som konstruert av dei som deltek i bestemte sosiale samanhengar. Det konstruktivistiske perspektivet representerer «et radikalt brudd med den tradisjonelle positivistisk-orienterte forskningen. Den tradisjonelle tilnærmingen betrakter vitenskapelige fakta som «objektive», i den forstand at kunnskapen ses på som uavhengig av sosiale prosesser» (Thagaard, 2009, s. 43).

Mange blei oppmerksomme på slektskapet mellom sentrale idear i konstruktivismen som utvikla seg på det amerikanske kontinentet og element i europeisk fenomenologi og hermeneutikk (Hårtveit og Jensen, 2004). På same måte som konstruktivismen, «tar hermeneutikken utgangspunkt i skillet mellom virkeligheten slik den er i seg selv, og virkeligheten slik den fremstår for meg». Hermeneutikken let oss tolke vår eiga virkelighet. (ibid s. 60).

Innanfor sosiologi, i sosial konstruktivisme, så oppfattar ein virkeligheita og samfunnet som ein sosial konstruksjon, og avviser muligheita for å gjengi virkeligheita objektivt eller beskrive den slik den er (Berger og Luckmann, 1966 i Hårtveit og Jensen, 2004 s. 54).



Forskaren erkjenner at nøytralitet er umulig og har ei bevisst hensikt om å påvirke eksperiment-situasjonane. (ibid, s. 54)

Den amerikanske psykologen og filosofen Kenneth Gergen<sup>17</sup> kritiserte konstruktivistane for ikkje å ta på alvor korleis meining blir danna i eit sosialt fellesskap (Hårtveit og Jensen, 2004 s. 60), og hevda at det ikkje finnast noko virklegheit utanfor språket men at «språket er virklegheitens grense og blir først til i et samspill mellom mennesker» (Jensen, 2009, s. 61). Denne måten å skape meining på, som er tids- og stadsspesifikk, betegna Gergen som «sosial konstruksjonisme». Dette står i kontrast til essensialismen som attribuerer essensielle eigenskapar til mennesker. Istaden, så seier Loch og Strong (2014 s. 32) at mennesker er «selvdefinerte, og sosial konstruerte deltagere i sine egne sosiale liv», og held fram:

Det finnes ikke noe forhåndsdefinert indre vesen hos mennesket som kan avgrenses og beskrives ved hjelp av objektive metoder. I stedet er måtene vi skaper mening sammen med andre på, konstruert slik at vi kan være oss selv på mange ulike måter» (ibid, s. 32).

Kvalitative forskningsmetoder finn vi innan den hermeneutiske-fenomenologiske tilnærminga.

### **3.1.4 Oppsummering**

Eg ser relevansen og verdien av positivismen på enkelte fagfelt, men eg trur den til tider kan vere mangelfull og eignar seg mindre til å utforske dybden og kompleksiteten i mennesket. Mi vitenskapsteoretiske forankring ligg i postmodernismen, med eit sosial-konstruktivistisk perspektiv på virklegheita og eit syn på språket som virklegheitsskapande. Med desse perspektiva som bakgrunn er eg interessert i å utforske dei unike opplevingane informantane mine har som første-generasjons nordmenn, relatert til forminga av identiteten deira i samspel med andre i samfunnet. Som forskar har eg også ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming til forskings-prosessen, der eg ikkje forventar tilgang til objektiv realitet i fortellingane til informantane, men med bevisstheit om at det som kjem ut av forskinga er noko dei og eg har skapt i saman.

## **3.2 Val av analysemetode**

---

<sup>17</sup> Kenneth Gergen blei ein frontfigur innanfor sosial konstruksjonisme, då det var ein ny bevegelse (*Ansikt til ansikt*, Jensen, 2009, s. 61 og *Familien – pluss en*, Hårtveit og Jensen, 2004, s. 183).

Som ei følge av min vitenskapsteoretiske ståstad valte eg ein kvalitativ metode. Desse metodene har sidan 1980 åra blitt viktige i samfunnsforskninga og dekker alt frå deltakande observasjon, via intervju, til diskursanalyse (Kvale og Brinkman, 2015, s. 30). Grunnen til at eg valte ei kvalitativ tilnærming i prosjektet mitt er at denne type forsknings-metode inneber at forskarar utformer og påverkar forsknings-prosessen både som personar og som teoretikarar (Willig, 2013). Dette samsvarer med den postmodernistiske tankegangen som omtala tidlegare (jfr.3.1.3), og gir ei verkeligheitsoppfatning som eg gir mi tilslutning til. Ei anna side ved denne tilnærminga er at den hevdar at menneskeleg erfaring og åtferd skal sjåast på i kontekst, og i all den kompleksitet den inneheld.

Den kvantitative metode, som er basert på positivismen, ville vere mangelfull i ei slik forskning. Det interessante for meg er nettopp det å utforske informantane sine personlege opplevingar, å få tilgang til deira historier i detalj, og undersøke eit fenomen i djupne. Gjennom forsknings-spørsmåla mine er eg interessert i å utforske mening og ikkje berre teste hypoteser (Dallos og Vetere, 2005), og å lytte til dei subjektive og unike historiene som informantane deler. Eg ønsker å høyre om korleis dei opplever det å vere første-generasjons nordmenn i dagens Norge, og kva slags refleksjonar, kjensler, o.s.v. dei har om fenomenet. Eg synest det er interessant å studere kva slags diskursar<sup>18</sup> som er dominante i det norske samfunnet når det gjeld forhold rundt immigrasjon, og korleis desse diskursane påvirker oss i dagleglivet. Eg vurderte derfor først å bruke diskursanalyse som forsknings-metode, men etterkvart som eg begynte å lese meir om Interpretative Phenomenological Analysis (IPA), ombestemte eg meg, sidan eg følte eit sterkare ønske om å lytte til folk sine personlege opplevingar.

### **3.2.1 Interpretative Phenomenological Analysis (IPA)**

IPA er ein kvalitativ forskningsmetode, som har sitt opphav i psykologi. Mesteparten av tidlig IPA arbeid skjedd i Storbritannia på midten av 1990 talet. I oppstarten var metoden brukt innan helsepsykologi. I ettertid har metoden vore brukt innan klinisk, rådgiving, sosial og pedagogisk psykologi (Smith, Flowers og Larking, 2009, s. 4).

---

<sup>18</sup> Diskurser er sett på som konstruksjonane som ofte stammar frå eit breiare sosialt og kulturelt repertoar, som individ brukar for å presentere forklaringar om deira gjerningar og deira erfaringar. Enkelte diskursar er sett på som meir dominante i vårt samfunn enn andre og endrar seg over tid (Dallos og Vetere, 2005, s. 64).

Smith et al. (2009) ser på IPA si primære interessegruppe som personar opptatt av menneskelige eksistensielle utfordringar. Ei naturlig følge av dette er at ein fokuserer på «people engaging in the world» (s. 5).

IPA sitt hovudfokus er å utforske informantane sine meiningar om forsknings-temaet eller fenomen i detalj. Smith, Jarman og Osborn (1999, s. 219) forklarar at forskaren prøver å kome så nær informantane sine personlige sfærer som mulig:

...to take in Conrad's (1987) words, an *insider's perspective* but one cannot do this directly or completely. Access depends on, and is complicated by, the researcher's own conceptions and indeed these are required in order to make sense of that other personal world through a process of interpretative activity. Hence the term interpretative phenomenological analysis is used to signal these two facets of the approach.

Forsknings-prosessen er eit møte mellom to subjektivitetar: den subjektive opplevinga av noko som informanten fortel om, og mi subjektive tolkning av kva personen opplever og erfarer. Dallos og Vetere (2005, s.58) legg til:

the approach is phenomenological in its focus on how individuals make sense of events or experiences associated with the topic under study [...] the researcher is less interested in modelling the themes and issues, and more interested in connecting the themes to existing literature.

IPA har hatt stor påverknad frå tre epistemologiske posisjonar som eg no skal introdusere: fenomenologi, hermeneutikk og idiografi.

## **Fenomenologi**

Fenomenologi er studien av fenomen og korleis vi opplever dei frå eit førstepersons-perspektiv. Det er studien om *hvordan vi umiddelbart oppfatter eller opplever verden* (Jensen og Ulleberg, 2011, s. 62). Hovudtanken er å produsere kunnskap om forsknings-deltakarane si subjektive erfaring. Fenomenologi er i nær slekt med, og ei vidareføring av hermeneutikk.

I følge Smith et al. (2009) er fenomenologisk filosofi verdifull for psykologar på grunn av at den er ei kilde av idear om korleis vi kan utforske og forstå opplevingar. Forfattarane påpeikar at dei tyske filosofane Edmund G. A. Husserl (1859-1938) og Martin Heidegger (1889-1976), og dei franske filosofane Maurice Merleau-Ponty (1908-1961) og Jean-Paul Sartre (1905-1980) er hovudpersonane innan fenomenologisk filosofi.

Husserl sitt arbeid understreker viktigheita av å ha fokus på opplevingar og våre oppfatningar av dei, ved å reflektere over dei istaden for å ta dei for gitt (ibid, s. 13). Heidegger, Merleau-

Ponty og Sartre utvikla vidare arbeidet til Husserl ved å sjå menneske som ein integrert del av ei verd av objekt, relasjonar, språk og kultur. Vi er ein del av ein kontekst (ibid, s. 21).

I Merleau-ponty sitt arbeid er det mykje fokus på kroppen, ikkje betrakta som eit objekt i verda, men som kommunikasjonsmiddel med verda. I følgje han så kan dette påvirke korleis vi ser andre: «my perception of ‘other’ always develops from my own embodied perspective» (ibid s. 19). Hans måte å beskrive kva det vil seie å vere menneske på, er svært sanselig. I følgje Lock og Strong (2014), unngår psykologien såne beskrivelsar og reduserer opplevingar til kognitive komponentar, som kjem i forkant og etterkant av ein følelse vi kjenner i kroppen:

Men hos Merleau-Ponty er den menneskelige opplevelsen et udelelig hele, som både omfatter det å tenke, føle og handle. I noen tilfeller går helheten ved opplevelsen problematisk tapt, men det kan gjenopprettes ved at vi virkelig føler oss hørt av andre, eller ved at vi vender oppmerksomheten mot kroppen vår (ibid, s. 85).

Alt dette er relevant i måten eg tilnærmar meg informantane i prosjektet mitt på. Eg er mest opptatt av deira refleksjonar og kjensler i forhold til sine unike opplevingar som første-generasjons nordmenn, oppfatningar som er avhengige av og til tider kanskje avgrensa av kroppen sine reaksjonar.

### **Hermeneutikk**

Hermeneutikk er ein tolkningsteori som legg vekt på det subjektive i staden for det objektive. Opprinneleg var hermeneutikk eit forsøk på å skape eit sterkare fundament for tolking av bibelske tekster. Seinare utvikla det seg som eit filosofisk grunnlag for å tolke fleire type tekster, som for eksempel historiske dokument og litterære verk (Smith et al., 2009).

Hermeneutikk «springer ut fra en annen kunnskapskilde enn de fem sansene, iaktakelse og den logiske analysen. Det er innlevelsen eller empatien. Den går ut på å forstå og ikke bare begripe intellektuelt» (Thuren, 2013). Filosofen Heidegger utdjupte dette og meinte at vår oppfatning av verda alltid skjer gjennom tolkning og at tolkninga er basert på forforståelser. På grunnlag av dette, konkluderer Smith et al. (2009) at:

...the reader, analyst or listener brings their fore-conception (prior experiences, assumptions, pre-conceptions) to the encounter and cannot help but look at any new stimulus in the light of their own prior experience (s. 25)

I IPA ser vi altså ein slags dobbel hermeneutikk eller fortolkning. Informanten prøver å skape meining av det dei har opplevd (fenomen) mens forskaren prøver å skape meining av informanten (Smith et al., 2009).

I hermeneutikken kan fenomen tolkast på fleire nivå og ein legg vekt på at det ikkje finnast ei sanning. Hermeneutikken bygg på prinsippet om at meining berre kan bli forstått i lys av den samanheng dei vi studerer er ein del av. Vi forstår delane i lys av heilskapen (Thagaard, 2009, s. 39), og heilskapen i lys av delane. Dette har blitt kalla den hermeneutiske sirkel (Smith et al, 2009 s. 35). Såleis kan ulike forskarar kome fram til ulike resultat, fordi kvar forskar og informant skapar ein unik dynamikk, der kunnskapen som blir produsert blir kontekstualisert. I mitt forsknings-tilfelle, der eg fokuserer på første-generasjons nordmenn sine fortellingar om tilhøyrighet og utanforskap, kan konteksten bli forstått på forskjellige måtar: på eit makronivå har vi dagens norske samfunn/kultur som kontekst. På eit mikronivå forstår vi konteksten som sjølve intervju mellom informantane og meg, og kva vi har med oss og skapar saman i samtalen, i form av forforståelse, forventningar, valg av ord, kroppspråk og kjensler. Omgivelsane påverkar også intervju-konteksten (Kvalen og Brinkman, 2015, kap. 5). Desse møta mellom to subjektivitetar er, forståelig nok, vanskelig å replisere.

### **Idiografi**

Idiografi er opptatt av det partikulære, av enkelttilfeller. Dette er det motsatte av det meste innan psykologi, som er «nomotetisk» og som gjer eit forsøk på å etablere atferdslover for den generelle befolkninga (Smith et al., 2009). Idiografi etablerar heller generaliseringar på ein meir forsiktig måte.

Eg skal no diskutere korleis valg av kvalitativ analysemetode påvirkar bruken av begrepa validitet, reliabilitet og generaliserbarheit i forskninga mi.

## **3.3 Gyldigheit, pålitelighet og overførbarheit**

I kvantitativ forskning har begrepa validitet, reliabilitet og generaliserbarheit blitt anvendt, men frå eit kvalitativt perspektiv har begrepa blitt sett på som undertrykkande (Kvalen og Brinkman, 2015, s. 275). Det at kvalitative metoder, som presentert i kap. 3.2, er fortolkande, fører til at denne type forskning potensielt kan bli oppfatta som mindre legitim (Thagaard, 2009, s. 22). Difor har desse tre begrepa blitt nyvurdert frå eit konstruksjonistisk perspektiv til gyldigheit, pålitelighet og overførbarheit (Kvalen og Brinkman, 2015, s. 275). Eg skal no forklare bruken av desse begrepa i mi forskning.

**Gyldigheit** (eller validitet) omhandlar tolkningane si gyldigheit i forhold til den situasjonen eller virkeligheita som blir studert (Thagaard, 2009, s. 201). Dette skjer ved å behandle

materialet eller analyseprosessen på ein kritisk måte. I mi oppgåve betyr det at eg heile tida er oppmerksom og stiller spørsmål til meg sjølv, om dei tolkningane eg kjem fram til.

**Pålitelighet** (eller reliabilitet) i følgje Thagaard (2009 s. 198) «refererer i utgangspunktet til spørsmålet om en annen forsker som anvender de samme metodene, ville komme frem til samme resultat». Altså, om studien kan bli gjentatt eller er repliserbart. Konseptet om å kunne gjenta ein studie og kome fram til same resultat er karakteristisk i ein positivistisk tankegang, men irrelevant i kvalitativ forskning. Dette på grunn av at det som kjem fram i ein kvalitativ studie er eit produkt av samarbeidet mellom to subjektivitetar, forskar og informant.

Måten eg kan styrke påliteligheta av forskninga mi på, er ved å ha ein gjennomiktig eller transparent forskningsprosess, og ved å gjere greie for min teoretiske ståstad, som gir grunnlag for tolkningane mine (Silverman, 2006, i Thagaard 2009, s. 199).

**Overførbarheit** (eller generaliserbarheit) i positivismen har som mål å finne lover for menneskelig atferd og å gjere desse lovane allmenngjeldande. Det humanistiske syn, på den andre sida, legg vekt på at kvart enkelt situasjon er unik og kvart fenomen har sin eigen indre struktur og logikk. Overførbarheita i forskninga mi, kan knytast til gjenkjennelse og ikkje til å produsere kunnskap som er universell. Både dei personane som har hatt erfaring med fenomenet som er beskrive i forskninga og dei som har litt kjennskap til fenomenet, kan kjenne seg igjen i tolkningane mine (Thagaard, 2009, s. 209), og dette kan forhåpentligvis gi dei ei enda djupare forståing av fenomenet og grunn til ny mening.

## 3.4 Rekruttering og datainnsamling

Eg skal no beskrive framgangsmåten for rekruttering av informantar og datainnsamling i prosjektet.

### 3.4.1 Utvalg

Smith, Flower og Larkin (2009) forklarar at informantane i ei IPA forskning blir valgt på grunn av at dei representerar eit perspektiv, og ikkje ei befolkning. Det vil seie at informantene ikkje er plukka ut for å representere ein populasjon som i kvantitative studier, men først og fremst seg sjølv, og kan også «i den senere analysen kunne stå som representant for et syn eller posisjon» (Tjora, 2017, s. 130).

Ein prøver gjerne å velje ei homogen gruppe som forskningstemaet er meiningsfullt for. I tillegg til dette, må ein ta hensyn til analysemetoden sin idiografiske natur. Det at målet er å fokusere på det partikulære med eit fenomen, gjer at utvalget vanlegvis er lite i IPA studier.

Utvalget mitt var «strategisk» i det at eg valgte informantar som hadde eigenskapar og kvalifikasjonar som er strategiske i forhold til problemstillinga mi (Thagaard, 2009, s. 55), og «typisk» i forhold til fenomenet som blir studert (ibid, s. 58). Det vil seie at eg valgte informantar som kunne hjelpe meg til å få ei betre innsikt i korleis det er å vere født og oppvokst i Norge med innvandrareforeldre. Totalt hadde eg fire informantar. To kvinner og to menn mellom 24 og 43 år. Eg valde bevisst å ha to kvinner og to menn som informantar sidan eg hadde lyst å høyre opplevingane frå begge kjønn, og på den måten ha ei jevn kjønnsmessig fordeling.

Eg ønskte informantar som i det minste hadde gjennomlevd nokre av dei viktige identitetsformande ungdomsåra, noko eg antok ville gi eit større grunnlag for refleksjon over liv og opplevingar, og på grunn av at eg tenkte at dei var mindre sårbare enn barn, som kanskje kunne ha opplevd det å bli forska på som ei belastning.

Informantane sine foreldre kom til Norge frå India, Vietnam, Pakistan og Bosnia. Alle informantane hadde høgare utdanning og var i arbeid då intervjuet fann stad. To av dei jobba i helsevesenet, ein jobba med salg og den fjerde informanten jobba i eit omsorgsrelatert yrke.

Det at alle fire informantane var høgt utdanna, var heilt tilfeldig og ikkje nødvendigvis noko som eg valde bevisst. Likevel var dette kanskje naturleg, sidan kontaktene mine som hjelpte meg til å finne mulige informantar, også var høgt utdanna. I følgje Thagaard (2009, s. 57) brukar høgt utdanna folk å vere meir villige til å delta i kvalitative studier som informantar. Dette er kanskje på grunn av at dei ikkje er framande for å reflektere over eigen livssituasjon. Det er mulig at dette er ei svakheit ved utvalget mitt, fordi ein ikkje veit kva ein kunne ha funne, hadde ein valt personar med meir varierte utdanningsnivå, for eksempel.

### **3.4.2 Rekruttering**

Eg starta med å rekruttere informantar hausten 2015. Eg hadde planlagt å rekruttere gjennom kontakter som både mannen min og eg har i hovudstaden og andre store byar i Norge. Eg antok at rekrutteringa ikkje skulle vere noko problem, då vi kjente mange som eg trudde lett kunne foreslå nokon til studiet. Eg sendte ut ein e-post med ein forespørsel om å finne ein

informant, til mange venner, bekjente og gamle kollegaer frå forskjellige stadar i Norge. Kravet for å kunne delta i forskninga var ikkje så høgt. Det måtte vere nokon som var født og oppvokst i Norge med innvandrar-foreldre og mellom 25 og 50 år gammal (sjå vedlegg 1).

Stor var overraskelsen min då ingen greidde å svare positivt på henvendelsen. Eg tenkte at dette i seg sjølv var refleksjonsverdig. Korleis kunne det ha vore så vanskelig for alle eg spurte å kjenne til ein person som kunne ha passa til dette studiet? Hadde ingen av mine bekjente ein venn/ei venninne, kollega, gammal klasse kamerat, nabo, som kunne ha passa? Var potensielle kandidater oversett på grunn av at dei ikkje var betrakta som norske? Til slutt var det gjennom ei klassevenninne eg fekk første informanten min. Ho ga meg kontaktdetaljane til ein arbeidskollega. Intervjuet vart gjennomført november 2015. Etter eg var ferdig med intervjuet, kunne eg ha benytte meg av «snøballmetoden», det vil seie at eg kunne ha bedt informanten om namn på andre som hadde tilsvarende eigenskapar (Thagaard, 2009, s. 56), men det at informantene kunne kome frå same nettverk var noko som eg ikkje følte meg tilfreds med.

Grunna sjukdom så måtte eg ta ein pause frå studiet. Eg begynte å jobbe med å rekruttere igjen i august 2017. Tilfeldigvis traff eg ein masterstudent frå utlandet då eg starta på opplæring i ICDP (International Child Development Program) i forbindelse med jobben, og det var denne personen som satte meg i kontakt med to informantar til. Eg undra meg over at det var ein person frå utlandet som måtte til for å finne andre kandidatar.

Den siste informanten blei ordna gjennom ein vikar vi hadde på arbeidsplassen min på seinhausten.

Etter eg fekk kontaktdetaljane til dei mulige informantane, sendte eg dei eit informasjonsskriv med detaljar om prosjektet (sjå vedlegg 2). Dei responderte positivt og så starta eg prosessen med å arrangere intervjustad, etter deira ønske. Den eine ønskte å møte på arbeidsplassen, dei to neste informantane kom til ei leigd leilegheit, og den siste ønskte å møte i heimbyen sin.

### **3.4.3 Intervjuguide**

Ein intervjuguide er, i følge Kvale og Brinkman (2015, s. 162) «et manuskript som strukturerer intervjuforløpet mer eller mindre stramt».



Då eg designa intervjuguiden min (sjå vedlegg 3), prøvde eg å lage ei relativt kort liste med opne spørsmål som eg baserte på eit ønske om å få både problemstillinga mi og forskningsspørsmåla mine besvart best mulig. Målet mitt var at innhaldet i intervjuet skulle vere så mangfoldig som mulig, og eg prøvde å lage spørsmål som eg forestilte meg kunne vere meningsfulle for informantane. Eg starta med nokre fakta-baserte spørsmål, og bevega meg gradvis mot meir personlege emner i eit håp om at informantane skulle kjenne seg komfortable og at samspelet mellom informantene og meg kunne skape tillit nok til at dei ville dele livserfaringane sine med meg (Willig, 2013, s. 30).

Det er semi-strukturerte intervju som er anbefalt i IPA studier, der ein har som mål å få fram historiene, kjenslene og tankane til informantene (Smith et al., 2009, s. 57), og særleg, i mitt studium, fortolkingar og meiningar om det å vere første-generasjons nordmenn i dette landet.

Planen min var å gjennomføre semi-strukturerte intervju, dvs. at eg som forskar skulle vere i stand til å styre intervjuet gjennom spørsmåla mine, samtidig som informantane skulle få mulegheit til å snakke fritt. Slik er det «verken en open samtale, eller en lukket spørreskjemasamtale» (Kvale og Brinkman, 2015, s. 46). Eg ønskte ikkje å gå gjennom ei stor mengd litteratur før intervjuet, slik at eg kunne imøtekomme informantane med mindre forstyringar og med ei meir open innstilling.

Eg var klar over at det var viktig å ikkje vere for avhengig av dei nedskrivne spørsmåla, så eg prøvde å lære intervjuguiden utenat, med den hensikt å ikkje distrahere verken informantene eller meg, og for å vise dei mitt engasjement og interesse i å lytte til historiene deira (Smith et al., 2009, s. 63).

#### **3.4.4 Intervjuprosess og teknikk**

På intervjudagen ønskte eg å skape ei rolig, hyggelig og avslappande atmosfære ved å prate litt om dagligdagse ting som ikkje hadde direkte med intervjuet å gjere. Etter at eg hadde sjekka med informantane om det var greitt å bruke lydopptak, informerte eg på nytt om at alt materiale skulle anonymiserast, og seinare destruerast etter endt prosjekt, og så starta vi intervjuet.

I løpet av intervjuet lytta eg interessert på det dei hadde å seie om fenomenet under studiet, og gav dei tid til å reflektere over spørsmåla og fortelje meg historiene sine utan å bli avbrotne. Eg prøvde også å vere oppmerksom på at informantane kunne bli påverka av kontekstuelle

faktorar i løpet av intervjuet (Smith et al., 2009, s. 57), som til dømes det at eg var kvinne, alderen min, det at eg er innvandrar, plassen vi var på, fysisk avstand mellom dei og meg, språk (det at norsk ikkje er mormålet mitt og mi sunnmørske dialekt), og mange andre indre ukjente faktorar som kunne ha hatt betydning. Likevel opplevde eg at alle fire informantane var imøtekomande, opne, positive og velvillige til å dele mange djupt personlige erfaringer, og på den måten, vere sårbare.

Kvar gong vi avslutta dei formelle intervjuja fekk informantane tilbod om å få transkripsjonen tilsendt, noko berre ein av dei ønskte.

I IPA skal transkriberinga av datamaterialet bli gjengitt verbatim, eller ord for ord, samt også inkludere ikkje-verbale uttrykk som latter, lengre pausar og nøling (Smith et al., 2009, s. 74). Samtidig, er det viktig å huske at ei transkribering kan aldri fullstendig gjenspeile sjølve intervjuet, sidan «alle transkripsjonar er ei slags oversetting av det talte ord til noko anna» (Willig, 2013, s. 32).

Ved å transkribere lærte eg ein del om intervjustilen min, og vart minna på sjølve intervjusituasjonen, med alle dei inntrykka eg fekk den dagen, inkludert dei følelsemessige opplevingane. Såleis, ved å transkribere intervjuja sjølv, så påbegynner ein analysen av det som blir sagt i intervjuja (Kvale og Brinkman, 2015, s. 207).

Sidan transkriberinga blei såpass tidkrevande for meg som har norsk som framandspråk, og eg frykta at eg ikkje skulle få nok tid til å jobbe med resten av denne masteroppgåva, så måtte eg dessverre skaffe hjelp til å transkribere siste halvparten av intervjuja.

### **3.5 Framgangsmåte i analysen**

I IPA retter vi vår analytiske oppmersomheit mot informantane sine forsøk på å skape meining av erfaringane sine. Analysen er eit felles produkt mellom informanten og forskaren. Forskaren prøver å skape meining av det som informanten deler, og informanten prøver å skape meining av sine opplevingar. Såleis er forskaren engasjert i ein «dobbel hermeneutikk» (Smith et al., 2009, s. 3).

IPA har også nokre karakteristiske prosessar: ein beveger seg frå det partikulære til det som er felles, og frå det deskriptive, til det som er fortolkande. (ibid, s. 79). Det vil seie at ein går frå å sjå på dei spesielle trekka ved kvar informant sine historier, til å sjå dei meir overordna

linjene mellom dei. Det finns heller ikkje ein rett eller feil framgangsmåte i ein IPA analyse<sup>19</sup>, og forskarar blir oppmuntra til å vere nyskapande når det gjeld måten dei brukar metoden på (ibid, s. 80).

Eg skal no beskrive korleis eg gjekk fram med analysen.

Først las eg gjennom intervjuet, mens eg lytta til lyd-opptaket for å kunne bli mint på nyanser som ein kan gå glipp av berre ved å lese transkripsjonen, som til dømes følelsmessige uttrykk, nøling, glede, usikkerheit, o.s.v. Deretter las eg gjennom transkripsjonen nokre gongar for å bli bedre kjent med innholdet. Mens eg las gjennom intervjuet, begynte eg å notere interessante aspekt ved transkripsjonen, som omhandla måten informanten omtalte opplevingane sine på. Eg delte opp notatane i beskrivande, språklige og konseptuelle kommentarar. *Beskrivande kommentarar* omfattar innholdet i det som er viktig for informanten, akkurat slik han eller ho framstiller det. *Språklige kommentarar* fokuserer på og utforskar måten informanten brukar språket på når dei deler sine opplevingar. Her prøvde eg å legge merke til alt frå toneleie, nøling, pausar, metaforar, o.s.v. *Konseptuelle kommentarar* er meir fortolkande og då la eg vekt på å sette spørsmål ved måten informanten forstod si eiga livsverd. Desse kommentarane skreiv eg i fargekoder på høgre marg i transkripsjonsarket.

For å utvikle framtreddande tema, så las eg gjennom dei første notatane og dei tilhøyrande relevante transkripsjons-avsnitta. Dette betyr at dei framtreddande tema inneheld like mykje mine tolkingar som informanten sine ord. Gjennom ein slik prosess, og basert spesielt på notatana mine, fann eg dei sentrale tema i intervjuet. Desse tema skreiv eg på venstre marg i transkripsjonsarket (Smith et al., 2009, s. 84).

Etter at eg var ferdig med første intervju/transkripsjon, så starta eg på nytt med neste intervju transkripsjon. Eg prøvde mentalt å legge frå meg analysen frå førre intervju før eg starta den neste analysen. Slik fullførte eg alle fire intervju. Deretter valgte eg å søke etter koblingar mellom framtreddande tema og mønster på tvers av intervju til slutt. Dette gjorde eg ved å skrive ned alle tema eg fann i kvart intervju på eit ark ved hjelp av ei fargekode som identifiserte informanten. Så klypte eg dei ut og spreidde dei ut på eit stort område. Eg fann så

---

<sup>19</sup> Smith et al. har likevel utvikla ein steg-for-steg veiledar til IPA analyse for dei som ikkje er kjent med metoden frå før. Det er ikkje hensikta at desse stega skal brukast som ei oppskrift, men dei kan brukast på valgfrie måtar (ibid, s. 81).

dei tema som naturleg høyrde saman og danna hovudtema og seinare undertema, basert på relevans i forhold til forskningsspørsmåla i prosjektet mitt (ibid, s. 84).

### 3.6 Ethiske refleksjonar

Kvalitativ forskning er i følge Brinkman og Kvale (2008, i Willig, 2013, s. 26) gjennomsyra med etiske dilemma på grunn av at vi berører sensitive menneskelige tema gjennom heile prosessen:

«the human interaction in qualitative inquiries affects researchers and participants, and the knowledge produced through qualitative research affects our understanding of the human condition».

I ei kvalitativ forskning er forholdet mellom forskar og informant ofte mindre distansert enn det som er praksis innan kvantitative studier. Dette fører til at sjølv om ein legg vekt på å behandle alle informantane med respekt og at deira psykologiske velferd skal bli ivaretatt, så kan ein stå i fare for å overstige nokre grenser. Ein veit aldri for eksempel, kva langsiktige konsekvensar kan kome etter eit intervju, der folk meddeler sine sensitive, personlege opplevingar. Derfor har det vore viktig for meg å vere bevisst på dette, gjennom heile forskningsprosessen. For å prøve å forsikre meg om at informantane følte seg ivaretatt i forhold til etiske problemstillingar, gjorde eg følgande:

Eg tok tidlig kontakt med Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste AS (NSD), og sendte inn eit meldeskjema på Personvernombudet for forskning si registreringsside. Deretter blei alle deltakarane informert om prosjektet sitt innhald, hensikt og prosedyre, og blei spurte om å gi sitt samtykke til å delta i god tid før intervjua fann stad. Hensikta var at dei skulle kunne ta ei informert avgjersle om å delta eller ikkje. Dei skulle også kunne vere i stand til å få eventuelle spørsmål besvart.

Dei blei informert om at dei kom til å bli anonyme partar i det ferdige prosjektet. Hensikta var å verne deira privatliv og la dei kunne dele erfaringane sine utan frykt for å seinare bli gjenkjent.

Deltakarane fekk rett og fridom til å trekke seg når som helst i prosessen. Om dei følte seg ukomfortable skulle dei kunne stoppe si deltaking uansett kva tidspunkt dette gjaldt.

All data har vore konfidensielt behandla, og etter at forskninga er utført vil opptak og identifiserbart materiale bli destruert. Hensikta er å beskytte individet både no og i framtida. Informantane skal få sjansen til, om dei ønsker, å lese det ferdige forsknings-materialet. Dei

bør kunne gi feedback i tilfelle det er noko dei føler seg skuffa over, eller dersom mi tolkning ikkje er på linje med deira eiga erfaring eller eiga tolkning av denne erfaringa.

I neste del av oppgåva skal eg presentere funna i analysen som er eit forsøk på å svare på problemstillinga mi: «Norsk nok? Første-generasjons nordmenn sine fortellingar om tilhøyrgheit og utanforskap», og forskningsspørsmåla mine: Korleis beskriver første-generasjons nordmenn sin nasjonalidentitet? Kva opplevingar av tilhøyrgheit og utanforskap har første-generasjons nordmenn?

## 4 Analyse-resultat

Dette kapittelet er ein utfyllande gjennomgang av dei data som eg analyserte ved hjelp av IPA. I analysen har eg gitt fiktive namn til informantane, for å bevare deira anonymitet. Eg har i tillegg valgt å bruke bokmålsform i gjengivelsen av orda deira.

### 4.1 Presentasjon av funn

Tidlig i analysearbeidet innsåg eg at temaoppdelinga var utfordrande sidan dei forskjellige kategoriane ofte berører kvarandre, noko som gjer det vanskelig å skilje og gruppere ulike tema. Eg har gjort det etter beste evne for å skape ei klarere oversikt og gi meining til dei erfaringane som informantane delte med meg.

Funna har blitt oppdelt i tre hovudtema, med undertema. Desse funna blir presenterte i samsvar med oversikta i figur 2 nedanfor, med fellestrekk og variasjonar presentert samtidig.

**Figur 2.** Oversikt over hovudtema og undertema.

<b>1. Identitetsbygging som prosess</b>  <i>Dei viktige andre</i>  <i>Å finne seg sjølv</i>  <i>Den tredje kulturen</i>
<b>2. Innanfor majoritetsgruppa</b>  <i>Språkets kraft</i>  <i>Identifikasjon med norske verdiar</i>  <i>Norge som heimland</i>
<b>3. Opplevingar av eksklusjon</b>  <i>Om det å vere utanfor</i>  <i>Utsjånad opplevd som ei barriere</i>

*Følelsmessige reaksjonar til utanforskap*

*Negative budskap i media.*

## 4.2 Identitetsbygging som prosess

Alle informantane fortel om å ha gjennomgått ein prosess som har forma dei til den dei er, påverka av mange faktorar som omhandlar mennesker rundt dei. Dette er noko alle kan relatere til, men i tillegg har dei den ekstra utfordringa at dei skal gjennomgå denne prosessen i eit land som ikkje er foreldra deira sitt fødeland. Eg ønsker no å presentere dei undertema eg fann i denne kategorien.

### 4.2.1 Dei viktige andre

Det kjem tydelig fram frå alle informantar at deira næraste har hatt ei påvirkning i identitetsbyggingsprosessen som dei har gått gjennom.

- **Kjernefamilien:**

Kva type familie dei har komt frå kan sjå ut til å vere avgjerande. Nokre familiar har vore opne til det norske samfunnet og har hatt stor interesse for å bli integrert. Desse familiane har gitt informantane meir fridom til å utforske tilhøyrigheita si:

*«...på grunn av måten mamma og pappa har.. integrert seg i Norge, mm.. spesielt med mamma som har bodd, bodde hos en norsk familie og fått litt sånn norske... [...]sånn verdier og sånne ting [...]pappa og mamma har alltid vært opptatt av å [...] vise at vi bor faktisk i Norge, vi skal være en del av Norge, ingen planer om å flytte tilbake til Vietnam» (Christian)*

Det virkar som om desse familiane har forstått kompleksiteten i barna sin situasjon, og har vore opne nok til å tillate dei å for eksempel droppe morsmålundervisning, slik at dei kunne fokusere på å lære norsk skikkelig:

*«Jeg.. droppa ut, jeg tror morsmålundervisninga mi gikk bare til 3. klasse [...]pappa var... var skuffa, selvfølgelig, og mamma var også skuffa, men de, de arbeida ikke noe imot meg...[...] på den tida der så var det bedre for meg å bli bedre i norsk enn å.. enn å lære meg vietnamesisk...» (Christian)*

Christian prøver å begrunne denne avgjerelse ved å fortelle at dei som beherska vietnamesisk best, vanlegvis er dei som er mest marginaliserte. Han kjenner ein del folk som er født og

oppvokst her i Norge, med vietnamesisk bakgrunn, som aldri har hatt lyst eller vilje til å lære norsk skikkelig.

**Norske namn:** Både Amra og Christian fekk til og med det dei kallar «norske namn». Amra fekk namnet frå foreldra og Christian fekk muligheita til å velge namnet sitt sjølv etter å ha spurt foreldra sine.

Fleire av informantane fortel om at foreldra såg på barna sine som individ som tilhørde begge kulturane:

*«...de bruker faktisk det ordet, norsk-indisk, mm.. det er jo norsk som er morsmålet på en måte [...] men det kommer bestandig fram at det er indisk bakgrunn..» (Amra)*  
*«...Jeg tror de hadde sagt at æh.. at han har pakistansk bakgrunn, men er norsk... [...] ja, født og oppvokst i Norge» (Baashir)*

**Foreldrekulturen si påvirkning:** Sjølv om informantane sine familier er tydelig opne og støttande i forhold til at barna blir ein del av det norske samfunnet, er det framleis viktig for dei å vidareføre sin eigen kultur. Christian fekk til dømes ein negativ reaksjon frå mora då han tok med seg heim ein norsk kjæreste, men over tid blei ho akseptert. Baashir, på den andre sida, opplevde overføringa av foreldrekulturen som ein ressurs:

*«...det er viktig å ha et bra.. et sterkt fundament på hvem du er...og.. og det hadde vi. Vi hadde en ganske sterk sånn pakistansk komponent i vår oppdragelse, så vi visste at det var oss..» (Baashir)*

**Streng oppvekst:** Ein annan informant fortel om oppveksten med foreldre som var meir rigide og opptatt av å vidareføre kulturen sin til barna sine, ein kultur tett knytta til religion:

*«...vi måtte alltid snakke bosnisk i hjemme, vi måtte gå på koran-undervisning fordi [...] vi er muslimer. Vi måtte ha bosnisk undervisning etter skoletid, og på fridager måtte jeg ha bosnisk undervisning.. eh.. jeg fikk.. aldri.. det var sånne bosniske greier at når det regnet så får ikke du være ute, så jeg fikk aldri lov å være ute med vennene mine når det regnet...og det regnet jo hele tiden på (nemner fylket ho har vokst opp i).. så..» (Maja)*

Maja slit med at foreldra og ho har ulikt syn på islam og kultur. Foreldra klarer ikkje å skille mellom bosnisk kultur og islam som religion. Dette fører til at viss ho er uenig med noko i islam, så tolkar foreldra dette som om ho ikkje er stolt av Bosnia.

Foreldra hennar var ikkje så opne for at barna skulle tilhøyre dette landet, på tross av at dei er født og oppvokst i Norge. Når Maja blir spurt om korleis foreldra ville ha oppfatta hennar



nasjonal-identitet, så svarar ho kategorisk at dei hadde sagt at ho er «bosnisk, punktum», og at dette var greitt for henne:

*«... de har oppdratt meg sånn, at de aldri vil glemme hvor de kommer fra, at de vil ikke at ungene deres heller skal.. glemme det»*

- **Valg av partner:**

Andre aspekt ved livet til informantane har også vore avgjerande i identitetsbyggingsprosessen, som til dømes kven dei har valt som partner:

*«min mann er fra India, han har bodd her i over 21 år [...] han hadde egentlig det samme som... synet som meg i forhold til dette her med religion og mennesker og så videre..»* (Amra)

- **Tilknytning til foreldra sitt heimland:**

Identiteten har også trulig blitt forma gjennom nivået av tilknytning til foreldra sitt heimland, t.d. ved reise.

Amra reiser mykje til India på grunn av at heile familien til mannen er der nede. Dette kunne ha vore annaleis dersom ho hadde gifta seg med ein nordmann. Christian har aldri vore i Vietnam, både på grunn av at det har vore farlig for familien å reise dit og på grunn av manglande interesse. Baashir fortel at då han var liten, reiste familien til Pakistan mange gongar. Dette har minka gjennom åra, spesielt etter at han har blitt voksen or har fått egne barn. Maja og familien, derimot, har reist til Bosnia så ofte som det har vore mulig. Dei reiser dit i sommarferien, påske og jul.

- **Vennskap:**

Vennegjengen til informantane har endra seg over tid. Dei fleste fortel om å ha hatt enten berre norske venner i oppveksten, eller ein kombinasjon mellom norske venner og venner frå foreldra sitt heimland. I dag har dei framleis venner frå begge kulturar, sjølv om Baashir presiserer at dei 2-3 pakistanske vennene han har no, har blitt vestlige, slik som han.

Informanten som kjem frå ein familie som er mindre open har, interessant nok, gått frå kun å ha norske vener i barndom/ungdom, til å ha nære venner som primært består av familie-medlemar:

«...da hadde jeg jo bare norske venner [...] da var jeg ikke så nær med de bosniske vennene mine som jeg er nå.. [...] da anså jeg de bare som søskenbarn, [...] men nå er vi som venner og bestevenner» (Maja)

- **Kilde til styrke:**

Det kan seiast at alle informantane har møtt på utfordringar i forsøket på å finne plassen sin i samfunnet. Gjennom desse utfordringane har informantane henta fram ulike ressursar for å handtere utanforskap og mangel på anerkjennelse.

Alle informantane fann styrke i relasjonane sine når dei møtte motstand.

Amra fortel om gode venninner som ikkje tillot henne å knekke saman i den perioden ho var utsatt for mobbing. Ho framhevar også at støtta frå familien var svært viktig.

Christian hadde foreldre som var litt uengasjerte i det som skjedde med barna sine, men han fekk støtte i ein eldre bror, som kunne orientere han om korleis ting fungerte, spesielt på skulen.

Baashir fann fellesskap og trygghet i søskena sine, som alltid var til stades for kvarandre, då han sleit med å få venner på skulen og gjekk frå spesialklasse til vanlig klasse på skulen. Det kan virke som om Baashir hadde ein «plan B» når det gjeld tilhøyrigheita si:

«... vi hadde en veldig sterk forståelse av hvem vi var, så vi hadde en sterk pakistansk identitet også, så.. viss det var noen gang at man følte at man ikke tilhørte i det norske, så var det godt å vite: «Neimen, vi har jo noe annet som er veldig solid, og vi har tilhørigheten vår der...»

Både Amra og Maja er stolte over bakgrunnen til foreldra sine. Maja sine foreldra hadde eit godt liv i Bosnia og var begge høgt utdanna. Ho nemnde i løpet av intervjuet at dersom det ikkje hadde vore for krigen, så hadde dei ikkje flykta til Norge. Det kan virke som om stoltheita over det livet som var og at folkegruppa deira ikkje var utrydda, blant anna kan vere faktorar som påvirkar kvar tilhøyrigheita hennar ligg, eller kvar ho ønsker at den skal ligge.

Når Amra fortel om prosessen foreldra hennar gjekk gjennom før dei bestemte seg for å kome hit til Norge, kan det virke som om ho finn styrke i det at det var eit valg å kome hit, driven av nysgjerrighet og ikkje nød. Ho beskriv også familien sin som ein bra familie:

«Det var egentlig min mors eldste bror som kom hit først. De kommer fra en veldig bra familie, egentlig, i India, men det var mere sånn for nysgjerrighet, at han ville ut i verden og oppleve ting. Så han kom hit først, og... liksom, blei veldig godt i mottatt her i Norge og når vi

*kom så var Norge åpent for at andre mennesker kunne komme for.. på grunn av arbeidskraft...»*

#### **4.2.2 Å finne seg sjølv**

Alle informantane gir inntrykk av at ungdomstida var den mest intense perioden i forhold til identitetsbyggingsprosessen og spørsmål rundt tilhøyrighet. Vi ser at dei viktige andre framleis er “til stades” gjennom desse åra.

- **Kvar høyrer eg til?**

Amra fortel om den vanskelige tida då ho begynte å spørje seg sjølv om ho var indisk eller norsk:

*«Mm... ja.. jeg trur jeg hadde et sånt opprør bare inni meg, på en måte, at det er det som gjorde meg litt sånn bevisst på at «hva er det egentlig jeg holder på med, eller hva er det egentlig jeg vil for noe eller hva krever mine foreldre av meg?» på en måte... Så mm... men jeg, men det varte jo ikke så veldig lenge, ikke sant, for når jeg var 17 år så greidde jeg på en måte litt det... ok greit, nå er det, det er sånn bare det er på en måte, ja...»*

Då ho var rundt 16-17 år bestemte ho seg for å velge vekk det norske namnet ho hadde fått frå foreldra sine, eit namn ho ikkje følte passa henne:

*«jeg valgte å ta det bort og bare hete (uttaler sitt indiske namn og etternamn)..eller [...] det var nok etter at jeg gifta meg, forresten»*

Ein får inntrykk av at Amra sitt ekteskap med ein indisk mann har hatt ei påvirkning på identiteten hennar – at det på ein måte har hjelpt henne til å akseptere begge sider av seg sjølv, den indiske og den norske sida.

- **Religion**

Dei fleste informantane som har ulike religiøse bakgrunnar familiemessig fortel at dei no ikkje er religiøse i det heile tatt. Baashir forklarar effekten som religion også kan ha i prosessen med å finne seg sjølv:

*«... eh, vi hadde jo en religion som på en måte var, som dro oss mot det østlige, i oppdragelsen, men som voksen så sluttet jeg jo å tro, og har liksom ikke.. jeg går ikke i moskeen og sånne ting, så jeg har ikke den.. de impulsene heller lenger..»*

Kun Maja praktiserer trua si framleis, men ikkje på ein total måte. Ho nemner for eksempel at ho ikkje ber fem gongar per dag.

- **Andre sine forventningar og reaksjonar:**

Eit par informantar kommenterte at følelsen av tilhøyrighet, har vore påverka av andre sine forventningar. Viss nokon spurte Baashir kvar han kom frå i ungdomsåra, så svarte han Pakistan– noko han ikkje ville ha gjort i dag. Han begrunnar dette med at på den tida Norge ikkje var eit multikulturelt land og han tenkte at viss nokon spurte kvar du er frå, så forventa dei at han svarte frå Pakistan.

På den andre sida fortel Christian at følelsen av å vere norsk er vekslande på grunn av andre sine reaksjonar, og at det er vanskelig for han å argumentere for at han ikkje er innvandrar, viss han blir spurt:

*«...av og til jeg ikke føler meg norsk...men det æ'kke fordi mine[...]tanker sier at jeg ikke er norsk, men det er mer at andre tenker at jeg ikke er norsk, [...]jeg føler meg norsk uansett, men jeg blir ikke behandla som, som om jeg skulle vært norsk» (Christian)*

- **Nærmiljø og identitet:**

Eit anna interessant aspekt ved tilhøyrighet og identifikasjon blei nemnd av eit par informantar. Det vart framheva at det å bu i eit visst område, eller det å bli gjennomsyra av ein kultur, kan ha ei stor virkning på korleis ein oppfattar seg sjølv:

*«Viss du sammenligner meg med noen venner jeg har, som la oss si bor på øst-kanten av Oslo i områder med stor pakistansk befolkning, så tror jeg nok at de oppfatter seg som litt annerledes, litt mer pakistansk enn det jeg gjør, fordi [...] liksom når du går ut i handlesenteret, så møter du masse andre pakistanere, de går i moskeen, æh, de.. æh.. de har fortsatt pakistansk mat, de snakker.. altså..» (Baashir)*

Baashir følte seg ofte halvt pakistansk og halvt norsk då han var yngre. Men dette forandra seg med åra:

*«Og vi hadde mye pakistanske impulser hjemme.. hadde jo pakistansk mat hjemme, snakket urdu, æh.. vi hadde pakistanske TV-kanaler også, så det var mye sånn pakistansk innflytelse..som har blitt mindre og mindre gjennom de siste 20 årene da...æh, nå er det sånn at vi, selv om både kona mi og jeg har pakistansk bakgrunn, så snakker vi norsk hjemme, fordi det er mer naturlig for oss.. æh.. vi snakker norsk med barna våre, vi bor i et veldig norsk område, æh, vi ser på norsk TV, vi lager nesten aldri pakistansk mat, spiser det kun... spiser vanlig norsk mat...[...] Så vi har mye mer.. æh, av norske impulser. Æh, og jeg tenker at*

*når du har hatt det i så mange år, kanskje 20-25 år, så begynner det å påvirke måten du oppfatter deg selv på»*

Denne dynamikken viser seg også i det Maja beskriver når ho prøver å begrunne kvifor ho ikkje har følt seg norsk frå ung alder. I følge henne, har ho blitt oppdratt av foreldra til å vite at ho bur i Norge, men er bosnisk og ikkje norsk. Ho fortel at ho tenker bosnisk og teller på bosnisk, reiser til Bosnia så ofte som ho og familien kan, spiser bosnisk mat, huset hennar er innredd på bosnisk vis, osv. Det virkar som om det å bu i eit bosnisk miljø i ei lita bygd, også har påverka måten ho oppfattar seg sjølv. Alle kjenner kvarandre og har blitt oppdratt og oppdrar barna sine på same måte. Bosniarar som veks opp i større byar i Norge, derimot, blir kalla «fornorska» av dette miljøet.

Maja har også hatt sin eigen prosess når det gjeld «å finne seg sjølv», på sett og vis annaleis enn det andre informantar har opplevd. Ho fortel at ho var «sur» dersom folk kalla henne «norsk». Ho har fått beskjed frå andre om at ho *er* norsk dersom ho er *født i Norge*. Ho fortel at ho er i ei stabil fase no, der ho ikkje bryr seg om kva andre kallar ho, for ho veit at ho er ein bosniar som bur i Norge. Maja innrømmer likevel at ho kanskje ville bli norsk då ho var yngre og brukte mykje tid med dei norske vennane sine. Ho likte at norske foreldre ikkje var så strenge og at norske barn/ungdomar hadde meir fridom enn det ho var vant med.

### **Identitet og komplekse faktorar**

Desse identitetsbyggings-prosessane er komplekse og kan vare livet ut, noko som Maja viser når ho spør meg om eg høyrer på rap-duoen «Karpe Diem», som har musikk-tekster ho ser ut til å identifisere seg med. Det virkar som om det framleis er noko som ikkje går over eins når det gjeld hennar nasjonale tilhøyrligheit, sjølv om ho er heilt bestemt på at ho er bosnisk. Inntrykket ein får er at dette er relatert til dei sterke, tydelige og begrensande beskjedane ho får frå dei som er rundt henne, og at det hadde vore altfor kostbart å opponere.

*«Har du hørt noe på dem? For de sier at du er litt sånn.. litt for hvit for mine og litt for svart for dem»*

Maja fortel at ho ønsker å finne seg ein bosnisk mann og at ho vil oppdra barna sine på akkurat same måten som ho har blitt oppdratt. Når det gjeld valg av partner, har foreldra til Maja allereie bestemt at ein norsk mann ville vere uaktuell. Ho fortel at etter at eit søskenbarn hadde blitt saman med ein norsk mann, så hadde foreldra tatt ein alvorsprat med både henne og søstera. Dei trua døttrene med at dei ville bli kasta ut dersom dei gjorde noko

sånt sjølv. I følgje foreldra viser ulydigheit på dette området at ein manglar respekt for foreldra og besteforeldra.

- **Utvikling av indre ressursar:**

Nesten alle informantane har visst at dei har utvikla kvaliteter som har vore fordelaktige i sine ulike erfaringar når det gjeld å tilhøyre det norske samfunnet. Det virkar som om nokre av dei er bevisste på at dei har desse kvalitetane og andre er ubevisste.

Amra fortel at ho er tilpassingsdyktig, og at dette er noko som ho trur ho har fått frå foreldra sine. I tillegg seier ho at motstanden gjorde henne til ein bestemt og målretta person som ikkje lot andre ødelegge henne:

*«Men på et eller annet vis så blei jeg faktisk litt, at det gjorde meg litt.. sånn at jeg blei litt sånn, nei disse menneskene skal ikke få ødelegge for meg...mm, jeg... det skal de bare ikke få lov til å gjøre, det skal liksom ikke la meg.. knekke meg» (Amra)*

Christian viser også denne målretta holdninga. Ønsket om å tilhøyre majoritetsgruppa var så sterk at han lærte språket på rekordtid, ved å til dømes lese masse:

*«Jeg ville heller være en del av... av klassen da, fordi jeg liksom, følte meg veldig annerledes for første gang da jeg starta..på grunn av språket... æh, og så merka jeg at... viss ikke jeg holdt meg med vanlig klassen så, så var jeg liksom en del av innvandrere.. for det, det blei jo en gruppe» (Christian)*

Han har blitt ein fredskapar som klarer å roe ned andre rundt han som blir provoserte viss dei opplever rasisme. Han prøver å vidareføre til andre ein slags aksept, som han meiner er bedre enn å leve med bitterheit. Han er rasjonell også, og har fleire gongar unngått å vere impulsiv når han har blitt angrepen. Han reflekterer over episoden med den gamle dama:

*«Men der var liksom ikke noe.. for, for min del var det ikke noe vits å snakke tilbake til ho gamle damen...det gjorde, det gjorde ting bare værre.. og kompisen min var klar til å fyre av en kraftsalve med... (ler) med banneord, men æh... det var liksom, det forsterker bare hennes syn på... på.. på oss innvandrere..»*

Christian har også evne til å gi positive attribusjonar til adferda til andre rundt han:

*«Og jeg så jo det på dem.. jeg vokste jo opp med dem, mange av de som kalte meg de rareste tingene, de er jeg fortsatt venner med. Så det var aldri noe vondt ment» (Christian)*

Baashir fortel at han har utvikla god sjølvtilit, og at det å vite at han har eit bra liv, at han har oppnådd mykje i livet og at han har status i samfunnet, gjer at han ikkje bryr seg dersom

rasistar seier noko om han. Det virkar samtidig som om han framleis kan bli såra av det andre seier om han, noko som er forståelig, og som eg kan tenke meg varierer avhengig av ulike faktorar:

*«det er sånn at.. før jeg rekker å bli lei meg for noe de har sagt, så har jeg allerede sett ned på den personen (ler) så jeg.. liksom, for jeg tenker at når du er sånn, at du er.. antageligvis en eller annen stakkar som sitter et eller annet sted og skriver rasistiske, hatefulle ting.. som sikkert ikke har det så bra med seg selv»*

Bashir er også ein rasjonell mann som klarer å reflektere over at media ikkje nødvendigvis gjenspeiler virkeligheita. Det er noko med å vere positiv også midt i dette. Her ser vi korleis han oppfattar diskusjonane i media som handlar om norske verdiar i forhold til innvandring:

*«..det er vanskelig å si hva folk flest tenker fordi min oppfatning av hva folk flest tenker, er basert på hva jeg leser, som folk skriver. Men det som folk skriver trenger ikke å være representativ for hva folk egentlig mener, fordi de som skriver, er de som har sterke meninger...så de vanlige folks meninger kommer ikke frem, og de får jeg ikke lest, [...]fordi de som har en mening om det, skriver om det...så derfor så tror vi, får vi inntrykk av at dette her er noe som er veldig viktig for veldig mange, men det kanskje egentlig ikke er noe som veldig mange tenker veldig mye over».*

### **4.2.3 Den tredje kulturen**

To av informantane uttrykker at dei har tilknytning til både foreldrekulturen og til Norge. Dei har oppnådd ein slags balanse mellom desse to kulturane i seg:

*«nå har jeg tatt det litt gode fra det indiske, det gode fra det norske, og så har jeg bygd mitt eget... og så har jeg på en måte funnet ut det at ok, greit, jeg... jeg er litt begge deler» (Amra)*

Amra nemner at aksept frå mannen har vore viktig i prosessen med å ta vare på begge kulturane, og at dei no gjer ting på sitt vis.

*«Så han ser faktisk også det at jeg greier å være indisk óg...så han var på en måte veldig glad for det faktisk, at jeg greidde å ta vare på begge kulturene...[...] han har også tillatt meg til å være den jeg er»*

Baashir snakkar også om dette med å utvikle ein slags tredje kultur. Han feirar norske tradisjonar men samtidig også islamske høgtider sjølv om han er ateist, der det viktigast for han er å vere saman med familien sin:

*«Men samtidig så er det jo sånn at vi var jo ikke helt pakistanske heller, og vi var ikke helt norske heller. Æh.. og.. og etterhvert så utviklet vi jo en sånn... vil jeg tro, en sånn norsk-pakistansk identitet» (Baashir)*

Christian har ingen tilknytning til heimlandet til foreldra, og opplever seg sjølv som norsk. Likevel har han og søskena utvikla egne tradisjonar, sidan dei i oppveksten ikkje fekk med seg alle nyansane i den norske kulturen. Han fortel for eksempel at han feirar jul saman med dei «på ein veldig rar måte».

Christian har for tida ein kjæreste frå Sør Korea som oppfattar han som norsk, og som forventar at han skal orientere henne om forskjellige aspekt ved det norske samfunnet. Det virkar som om dette kan skape litt usikkerheit i han for han nemner at han til tider har følt seg ganske «tapt» og måtte «søke» ein del på nettet:

*«...for ho ser jo på meg som norsk...Og.. ho spør jo om 17. mai, ho spør jo om hvordan vi feirer jul og.. og liksom.. så jeg har fått en sånn hybrid.. norsk tradisjon, så ho kommer til å få enda rarer norske tradisjoner, holdt jeg på å si» (Christian)*

Ellers snakkar Christian om det spesielle bandet han opplever med folk som er norskfødte med innvandrar-foreldre, sannsynlegvis på grunn av at dei deler opplevelsen av å ha utvikla ein tredje kultur. Uansett kva slags bakgrunn dei har, kan dei forstå kvarandre når det gjeld å vekse opp i dette landet, med foreldre frå utlandet.

## **4.3 Innanfor majoritetsgruppa**

Dei fleste informantane uttrykker eit nivå av tilhøyrighet til den norske samfunnet. Eg skal no presentere faktorar som underbygger denne følelsen av tilhøyrighet.

### **4.3.1 Språkets kraft**

Alle informantane unntatt Maja, som opplever at bosnisk er hennar morsmål, var einige i at morsmålet eller hovudmålet deira var norsk. Det er tydelig at dette er svært viktig, spesielt når vi veit at virkeligheita blir skapt gjennom språket og at det også er knytt til mennesket sin identitet.

*«Det er jo norsk som er morsmålet på en måte, det er jo det, mm..[...] det er det jeg på en måte er oppvokst med, for de indiske språka tok jeg jo privat...» (Amra)*



«Alle tankene mine er på norsk, jeg tenker på norsk, jeg æh...drømmer på norsk, ja, jeg sliter.. æh.. viss jeg ser en nyhetssending fra Vietnam, så forstår jeg absolutt ingenting» (Christian)

«Jeg tror æh.. språket, har gjort meg mer bevisst på, på.. hvem jeg er som person, [...]. det har jo vært prat om at føler du deg norsk eller ikke?, og... [...]jeg husker det var en som, som, som sa til meg: «Liksom, når du tenker, hvilket språk tenker du på?» Og det var da, da jeg liksom begynte.. å shit... jeg tenker faktisk på norsk... [...]. ja, det er språket som jo har gjort meg bevisst på.. på.. på det. [...]den personen sa, at det språket du har inn.. inni deg, din indre stemme, hvis det er portugisisk, så.. så vil jeg si du er portugisisk» (Christian)

«...det er naturlig for både meg og kona mi å snakke norsk, og.. og hadde det vært sånn, at.. at, for eksempel, en av oss bare snakket urdu, så tror jeg det hadde vært mye lettere å få barna også til å gjøre det. Men når begge vi.. for begge oss er det veldig naturlig å snakke norsk, mye enklere.. så, så var det å snakke [...]urdu med barna, det var liksom en.. en anstrengelse...» (Baashir)

### 4.3.2 Identifikasjon med norske verdier

Alle informantene fortel at dei på ein eller annan måte identifiserer seg med norske verdier eller den norske væremåte. Det er interessant å høyre kva dei assosierer med det «norske»:

«Jeg tror det er veldig viktig å på en måte være litt oppegående og ha, og være litt sterk, det å på en måte være litt norsk ikke sant, [...]være litt sånn at du [...]kan prate litt for deg, da, mm..» (Amra)

Amra nemner også at det er norsk å ha fridom og å bestemme korleis ein vil ha det, med andre ord, at Norge er eit land der individet står i fokus. Velferdsstaten, fellesskapsfølelse, eit tillitsbasert samfunn og ein barneoppdragelse som er basert på gjensidige respekt, og som oppmuntrar til å sosialisere og å vere ute i naturen, vart også nemnd av andre informantar:

«..da føler jeg at jeg er veldig norsk når jeg sier «Jeg er bare glad for å betale så mye skatt, sånn som jeg gjør, for det.. selv om jeg ikke har behov for alle de tjenestene ,og jeg er veldig glad for å, liksom, betale min del av.. til samfunnet, for å.. liksom velgjøre noen annens sak, da» (Christian)

«...det er mange gode verdier her.. æh.. som handler om dette [...]med fellesskapsfølelse, med dugnadsånd, æh, alle skal bidra, man passer på sin community (språk = engelsk), æh.. ikke sant, i et borettslag så er det sånn at æh.. alle kommer sammen og fikser fellesarealene, for det skal se fint ut for alle, ikke bare innfor ditt hus [...]vi snakker da i debatten om hva som er de norske verdiene, og vi snakker, trekker inn kristendommen og vi snakker om.. kulturarv og sånn, men for meg så er det det som er den norske verdien, som jeg ser forskjellen, i Norge, fra andre land.. Æh, så det er gode verdier som jeg har lyst til å ha som mine egne verdier også, æh.. [...]man.. har en veldig sånn, blant nordmenn, en tillit til myndighetene, en tillit til samfunnet, at det er struktur, ting går bra, det ordnes opp, vi stoler på hverandre...» (Baashir)

*«... og jeg ser forskjellen på hvordan nordmenn oppdrar ungene sine, og bosniere, og jeg er masse mer enig i måten nordmenn gjør det på» (Maja)*

Maja nemner blant anna at bosniarar slår barna sine, og at ho sjølv også har blitt slått. Ho forklarar at dette vart gjort slik at barna blei redde foreldra og respekterte dei meir. Men ho innser at dette skaper berre frykt og ikkje reell respekt, og er imot denne praksisen.

### **4.3.3 Norge som heimland**

Alle informantane forutan Maja, uttrykker ei sterk tilknytning til Norge som heimland. Dette viser seg ved at når dei blir spurt om opphavet sitt, så svarar dei alltid heimbyen sin i Norge. Nokre av dei har erfart at andre set spørsmål ved dette svaret - noko som kan opplevast som slitsomt:

*“Og hvis noen spør meg hvor jeg er fra, det første bestandig jeg svarer er jeg er fra (heimbyen hennar i Norge)..Nei, men hvor er du egentlig fra? Jeg er fra (heimbyen hennar i Norge)” (Amra)*

Det kan alternativt taklast på ein humoristisk måte, noko Christian virkar å ha ein tendens til:

*«...jeg sier (heimbyen hans i Norge) [...] så ler jeg og så, så spør jeg du mener hvor foreldra mine kommer fra? Da er det som regel Vietnam jeg sier. Ja, for jeg tenker jeg har absolutt ingen tilknytning til Vietnam annet enn at foreldra mine er vietnamesere» (Christian)*

I følgje Amra er det viktig å bli «litt norsk» sidan ein har valgt å bu i dette landet og dermed, har tilhøyrigheita her. Ellers hadde det blitt eit einsomt liv, der ein må isolere seg for å ikkje bli forma av majoritets-samfunnet.

Amra var kategorisk då ho blei spurt kvar ho ønska å ha sin siste kvileplass. Det var ikkje noko tvil om at det skulle vere i Norge og ikkje i India. Det kunne tolkast slik at, på tross av den balansen ho har oppnådd mellom desse to kulturane, så opplever ho likevel mest tilhøyrigheit til det norske:

*«Ja, nei, jeg har jo ikke noe der nede å gjøre (latter)»*

Christian fortel at det aldri har vore noko tvil om at han er norsk i jobbsamheng, eller mellom venner eller i kjernefamilien, og at han aldri har brukt betegnelsen «norsk-vietnameser» på seg sjølv. Han regnar seg sjølv som heldig, på grunn av at han aldri har erfart at dei som kjenner han og er rundt han har sagt at han er vietnamesisk og ikkje norsk. Han

beskriv også felleskaps- og tilhørighetsfølelsane han opplever når han møter nordmenn i utlandet:

*«..når du er i utlandet da, du kjenner igjen de norske typene, æh...og.. jeg vet ikke, æh.. det er no'..... det er no vi alle har opplevd liksom ved å vokse opp i Norge, selv om du kommer fra en innvandrerfamilie eller en etnisk norsk familie, så.. så har jo vi vokst opp med nesten, nesten samma tingene, i hvert fall generasjonen min»*

Baashir fortel om viktigheita av å bli ønskt velkommen og finne aksept i det norske samfunnet, for å kunne oppleve seg som norsk. Når han blir spurt om opphavet sitt, svarer han at foreldra har bakgrunn frå Pakistan, men at han sjølv er født og oppvokst i Norge. Han har opplevd at dei fleste synest det er hyggelig, og blir glad når han kallar seg norsk. Han trur at opplevelsen av kven han er har blitt påverka av å ha budd i Norge i 42 år. Han har ein teori om grunnen til at han har blitt akseptert:

*«Men grunn til det, er at jeg [...] har gått gjennom æh, utdanning, og, og arbeid, æh, og at du bidrar, viser at du bidrar på en positiv måte, at du oppfattes som en ressurs, æh... og.. jeg.. tror ikke jeg hadde blitt omfavnet.. embraced.. (Språk = engelsk) viss jeg for eksempel var arbeidsledig og gikk på NAV..»*

Når det gjeld Maja, virkar det seg som om ho blir umyndiggjort av andre til og med i døden. Når ho blir spurt om kvar ho ønsker sin siste kvileplass, svarer ho at det blir Bosnia:

*«...fordi alle som har dødd, fram til no, som eg kjenner, av bosniarar, [...] dei blir sendt til Bosnia»*

## **4.4 Opplevelsar av eksklusjon**

Alle informantane har opplevd å stå utanfor på ulike vis i løpet av livet. Eg vil no vise korleis dei beskriver slike opplevingar.

Det bør nemnast at då eg dreiv med analysen og ordning av hovudtema og undertema, var informantane sine historier om utanforskap betydelig fleire enn andre historier. Dette anser eg som betydningsfullt og det viser at iallfall blant informantane i forskninga mi, så var det mange som fleire gongar opplevde det å stå utanfor.

### **4.4.1 Om det å vere utanfor**

Både Christian og Baashir huskar at dei ikkje følte seg annaleis før dei starta på skulen. Begge har til felles at dei ikkje gjekk til barnehagen. Baashir, p.g.a. at han hadde ei heimevarende mor, og Christian p.g.a. at han aldri blei vandt med å vere i barnehagen. Christian fortel, at sjølv om faren hadde norske venner, så gjenspeilte dette seg ikkje på barna, som berre levde i eit vietnamesisk miljø til dei begynte på skulen. Det var på skulen at Christian for første gong opplevde dette med å stå utanfor. Han observerte at dei andre hadde hatt lik oppvekst, men hans oppvekst skilte seg ut. Det virkar som om Christian, som no kan reflektere over denne episoden i restrospekt på ein rasjonelt måte, kunne ha hatt ein sanselig opplevelse av å ha vore marginalisert, i tida før skulestart.

**Mangel på språk:** Det å ikkje kunne språket var ei stor utfordring for både Christian og Baashir. Christian låg og gret p.g.a. at han ikkje kunne uttrykke seg. Dei måtte gå i ei spesiell norsk-klasse før dei kunne vere med i den vanlige klassa. Baashir var i den spesielle klassa i eit år. Han gjekk vidare til ei vanlig 2. klasse, der alle hadde vennar frå før. Han fortel at det var først i 4.-5. klasse at han starta å kome inn i klassa og få venner. Christian derimot var bestemt og lærte norsk veldig fort, noko som førte til at han ikkje vart verande i den spesielle klassa, som vanlegvis var for «innvandrarar».

**Å få med seg tradisjonar:** I den vanlige klassa måtte han alltid gjere ein ekstra innsats for å høyre til, for dersom ikkje språket var problemet, så var alle dei norske tradisjonane og kulturelle forskjellane eit problem:

*«..en annen episode også er da vi kom tilbake fra Påske engang, og så alle var konfirmert. Jeg skjønnte ikke hva konfirmasjon var og ingen som hadde fortalt meg noe, så alle spurte meg hvor mye penger jeg hadde fått og sånt og jeg trodde, what?! (ler)»*

**Utenlandske namn:** Han og brødrene opplevde også å bli mobba eller erta p.g.a. deira vietnamesiske namn, noko som han opplevde som plagsomt.

**Religion, familie og utanforskap:** På den andre sida opplevde Maja i barnehagen at ho var annaleis p.g.a. maten: ho fekk ikkje lov til å spise fårepølse eller leverpostei. Begge inneheldt svin, og dette var «haram» i foreldra sin religion. På skulen følte ho seg annaleis frå 1. til 3. klasse, der alle hadde fri på onsdagar og ho likevel måtte på bosnisk undervisning. Dette var i følgje Maja «kjipt». Elles hadde ho strenge foreldre som ville at ho skulle gå heim rett etter skulen, i staden for å vere saman med klasse-venninnene som alle andre. Ho fekk aldri lov til å ta nokon med seg heim rett etter skulen. Det at ho reiste berre til Bosnia kvar sommarferie gjorde at ho også fall utanfor, når dei fleste andre reiste til Syden. Maja fortel at ho ikkje berre

følte seg annaleis, men at ho også var veldig sjalu på dei andre. Ho huskar godt at på barneskulen var det nokre barn som brukte å erte henne litt:

*«Så dei sa dei skulle dra meg tilbake til 'boss-landet' mitt, fordi Bosnia-boss» (boss betyr søppel)*

Elles brukte Maja å «zooome ut» kvar gong nokon begynte å snakke om jul, då ho var yngre. Ho følte at ho ikkje hadde noko å bidra med i samtalen og at jul var ei høgtid for dei kristne. Det kan virke som om stemmene til Maja sine foreldre påverkar hennar holdning til jula, som for mange nordmenn, i praksis, ikkje er ei religiøs høgtid.

**Å bli satt utanfor av andre:** Baashir budde på Vestkanten av Oslo då han var ung. Der var det folk som hadde bedre råd enn familien hans, kulturelt og etnisk var det også eit forholdsvis homogent område, der han, med pakistansk bakgrunn var synlig. Det var derfor ikkje vanskelig å oppleve seg som annaleis i eit sånt miljø. I tillegg begynte han å bli meir sjølv-bevisst rundt puberteten, og følte seg annaleis p.g.a. måten han måtte oppføre seg på i forhold til religion.

Baashir fortel om å bli satt utanfor av andre:

*«Så jeg har også merket at hvis jeg sier at jeg er nordmann eller norsk, så er det noen som blir provosert...og... men det er liksom typiske liksom rasistiske nett-troll, da, som kan vel si at «Nei, du æ 'kke norsk, og du kan aldri bli norsk og..»*

Vi ser at utanforskap har forskjellige uttrykk. Christian vart overraska første gongen han blei utsatt for rasistiske uttalelsar. Han var veldig prega av situasjonen og følte at uansett kor mykje han og vennen hans bidrog til samfunnet, blir dei likevel sett på som «jævla utlendingar»:

*«Ja, det var en gammel dame som æh... skulle ut av en buss [...] og der og da følte jeg at vi ble angrepet av ho gamle damen, fordi vi stod på sida av bussen og venta på at døra skulle åpne seg, så skreik ho til oss... æh... skreik, skreik no' veldig stygt, og sa at vi måtte flytte oss.. æh... det æ'kke plass til sånne som meg her i landet.. Og da... det var noen... første.. jeg trodde det var en gammel koselig dame, men liksom, og da det kom ut så... så føler jeg liksom at.. der, der og da følte jeg meg helt 'lost' (språk= engelsk)»*

På tross av alt føler Christian likevel at han har vore «heldig». Han har studert og fått ein god jobb. Han har derimot venner som ikkje får jobbintervju p.g.a. sine framande namn.

**Utanforskap i foreldra sitt heimland:** Amra og Maja opplevde å føle seg utanfor i landet til foreldra sine. Amra fortel om å ikkje bli sett som ein inder på lik linje med andre, noko som

overraska henne, sidan ho hadde same utsjånad som folk der nede. Sjølv om ho snakkar to indiske språk godt, så kunne folk uansett skjøne at ho ikkje tilhørde landet deira.

På den andre sida har Maja erfart at ho ikkje er heilt tilpassa mentaliteten blant ungdomane i Bosnia. Ho har opplevd at det er vanskeleg å stole på folk i Bosnia, og at når ho blir kontakta av mennene i Bosnia, så veit ho aldri om dei gjer det p.g.a. at dei likar henne eller p.g.a. at dei vil bruke henne for å kome seg ut av landet. Dette med å føle seg brukt gjentok ho eit par gonger. Ho innrømmer at ho ikkje blir oppfatta som heilt «innanfor» i Bosnia heller. Der blir ho sett på som «ho som kjem frå Norge», staden der folk har pengar.

#### **4.4.2 Utsjånad opplevd som ei barriere**

Alle informantane unntatt Maja har hatt opplevsalar der utsjånad har vore ei barriere for å bli oppfatta som tilhøyrande i “majoritetsgruppa”.

Amra for eksempel har opplevd mykje, mellom anna å ikkje bli anerkjent når ho fortel at ho kjem frå heimbyen sin, på grunn av at “fargen din, den er jo ikke frå (heimbyen hennar i Norge)”. Ho blei også mobba på skulen og vart alltid kalla “pakkis”:

*«...så at de mobbet meg fordi at jeg hadde en annen hudfarge, men på sommeren så kunne de selv ligge i sola og jeg vil bli brun, jeg vil bli brun...ikke sant, og den forstod jeg aldri, jeg sa det til dem óg, men jeg fikk jo aldri noe svar, de bare lo det bort, liksom, mm»*

Amra fortel også om situasjonar der ho søkte på jobbar med sitt norske namn. På telefonen har ingen på arbeidsplassen visst at ho har innvandrarakgrunn, men etter at ho har vore kalla inn til intervju, har folk blitt overraska når dei ser henne, og har spurt kvar ho kjem frå.

Då vi snakka litt om nasjonale symbol, som for eksempel det å bruke bunad, så var Amrad ikkje overbevist om at dette var noko som passa henne. Det virkar nesten som om ho fryktar mangel på anerkjennelse dersom ho brukar bunad, p.g.a. alt ho har opplevd før:

*«Ja, jeg har liksom ikke sjølv følt meg så norsk heller at jeg kan på en måte gå i en bunad da, jeg syns liksom ikke det helt har passa til meg... på en måte, for det er jo veldig norsk nå, det skal være veldig, veldig norsk»*

Christian har også opplevd ein del når det gjeld reaksjonar på det ytre. Det virkar som om han greier å takle det med humor, men det er ikkje lett å vite om dette er noko uttrykker seg slik på grunn av at han snakkar med forskaren, og han blir mindre sårbar på den måten.

Han synest at det er litt morsomt at han og ein svensk kollega er dei to einaste som må presentere kva som skjer med produkta deira i Norge og som dekkjer heile Norge i jobbrelaterte møte som arbeidsplassen hans held i Stockholm. I følge Christian, så snakkar mange kundar både i Norge og i utlandet til han på engelsk, og ingen forventar at han er norsk.

Han har vore på forretningsreise til London med den tidligare arbeidsplassen, og då han og to kollegaer (som også har bakgrunn frå utlandet) var i ein restaurant, spurte ein servitør dei kvar dei var frå, og var veldig overraska då dei svarte Norge. Christian nemner at det er i såne situasjonar at identiteten hans som norsk blir satt på prøve. Han kan begynne å ikkje «føle seg» så norsk.

I følge Christian har han mista muligheita for å få enkelte jobbar p.g.a. utsjånaden:

*«Samme, samme da kompisene mine dro til Disneyland for å jobbe på den der nordiske paviljongen.. æh... jeg fikk ikke, jeg fikk ikke gjennomslag på søknaden min for jeg er ikke nordisk... ja jeg prøvde å søke, ja, men æh... (ler litt), jeg passer mer inn i, jeg veit ikke, hva slags andre (ler), jeg kunne liksom ikke, jeg hadde ikke den sjansen til å dra til, til Disneyland og jobbe der på den liksom, Scandinavian... for jeg ser jo ikke nordisk ut»*

Baashir huskar første gongen han opplevde forakt og hets på grunn av kven han var og korleis han såg ut:

*«...jeg husker æh.. en gang så.. æh.. hadde jeg vært hos en venn, og kom hjemover, det var fortsatt dag, og så i den blokka vi bodde i, så var det noen som hadde en eller annen fest i.. i.. første etasje, og de stod på verandaen sin og.. og snakket sammen, og så kom jeg på en måte gående her, æh... og så var det en.. en mann, en ung mann, som stod der, og.. og så, så bare så han ned på meg, så sa han: Hæ? Bor du her? Æh... så sa jeg Ja, æh så.. så bare.. så bare sa han: Faen! og så bare løp han inn og så sa han: Du, du må flytte herfra, det bor sånn der.. (etterliknar personen med ei høg, aggressiv stemme) ett eller annet altså, og da ble jeg så.. jeg ble.. det jeg husker, var at, jeg ble kanskje ikke så lei meg for det han sa, men jeg var kjemperedd, fordi vet du, at jeg måtte gå opp trappa, forbi det huset, for å komme hjem til vår leilighet..»*

Maja på den andre sida er takknemlig for å vere kvit. Ho nemner at i Norge merkar ein ikkje så lett at ho er frå ein innvandrarfamilie. «Nordmenn» veit ikkje at ho er frå Bosnia før ho seier det sjølv. Foreldra hennar har alltid sagt at ho er heldig fordi ho fekk den fargen ho har fått, og ho trur at det er rett, for ho har sett at venner frå Afghanistan og Sri Lanka har vore utsatt for ein del rasistiske ting som ho aldri har opplevd.

#### **4.4.3 Følelsmessige reaksjonar til utanforskap**

Alle informantane unntatt Maja, fortel om dei sterke følelsane dei opplevde som resultat av utanforskap.

**Skuffelse og sinne:** Amra har opplevd skuffelse fordi ho har blitt spurt gjentatte gonger kvar ho kjem frå. Ho fortel at det er greitt nokre gonger, men av og til får ho nok. Ho undrar seg over at i Norge, som har blitt så internasjonalt, så må ho møte på sånne spørsmål og slik mangel på anerkjennelse. Ho hadde forventa at «Ola Nordmann» visste litt meir...

Ho har opplevd mykje sinne også, spesielt i samband med mobbing:

*«Jeg var jo veldig sint...mm, det var jeg. At...hvorfor skal disse menneskene på en måte være sånn?...at enkelte, hvor mye de ødela, liksom at de ødelegger, at hvordan de ødelegger..., men de mobba ikke bare meg, for at de mobba mange andre óg»*

Ho nemner at ho har opplevd mest sinne over menneska som går glipp av det dei kanskje kunne ha lært av folk som er nordmenn og har innvandrar-foreldre, eller av dei som har forskjellige bakgrunnar. Det at folk ikkje ser på dette som berikande for Norge fører til ein del frustrasjon.

**Oppgittheit og depresjon:** Christian fortel at når han har opplevd rasistiske ting, så har han blitt oppgitt, ikkje sint. Han blei kjent med sterke følelsar då han starta på skulen og ikkje kunne språket:

*«Det var, det var frustrasjon og så var det mye (ler), jeg vet ikke om det var depresjon men det var, jeg var veldig mye lei meg, husker jeg, veldig mye lei meg, men jeg tror lærerne skjønte raskt at, at jeg ikke trivdes og så, de gjorde mye tiltak æh, for å, for å få meg til å trives»*

**Frykt og tristheit:** Baashir nemner at då han var barn, gjekk det veldig inn på han om han høyrte rasistiske ting som var retta mot han. Han opplevde sterke følelsar første gongen han møtte nokon som viste forakt for kven han var. Det at personen var ein voksen og ikkje eit barn, gjorde at opplevelsen var enda sterkare og vond. Han huskar at hovudfølelsane i den situasjonen var frykt og tristheit. Dette skjedde over tretti år sidan og han kan framleis huske det på ein grafisk og klar måte. Baashir var tydeligvis prega etter å ha lest negative kommentarar på sosiale media også, noko han har klart å overvinne:

*«(Sukkar).. til å begynne med så.. for noen år siden, så syns jeg det var veldig trist, og det gikk inn på meg, og jeg hadde en tendens til å.. viss noen skrev en negativ kommentar til meg på facebook eller noe sånt, så hadde jeg en tendens til å .. la det farge meg veldig. Ja. æ.. at de.. at jeg kunne liksom.. bli lei meg, og gå og tenke mye på det, og det påvirket sikkert min adferd overfor de andre i familien, at jeg var liksom litt sånn stille og.. eller sint eller sur eller*



*hva...men etter hvert så.. har jeg.. æh.. det er nesten at jeg ikke tenker over det lenger, jeg bryr meg ikke om det..»*

Baashir er veldig bevisst på at mennesker søker si tilhøyrlighet, og at dei ønsker å vere ein del av ei gruppe. Han trur at utestenging frå det norske samfunnet kan føre til at folk søker ein alternativ identitet (viss dei er norskfødte med innvandrarsforeldre), dei blir meir opptatt av bakgrunnen til foreldra, og kan til og med bli meir religiøse enn foreldra sine, for å kunne styrke identiteten sin.

#### **4.4.4 Negative budskap i media**

Alle informantane var einige i at media ikkje alltid gir eit fordelaktig bilde av innvandring og framande religionar.

Amra understrekar at kulturar og religionar blir negativt framstilt i media, og at folk sit med desse bilda i hjerna, og generaliserer, utan å bli bevisst på at det ikkje er religionane det er noko gale med, men menneske.

Christian nemner at nasjonalitet ikkje kjem opp i det heile tatt i media, dersom det har skjedd noko galt, og det er ein nordmann som er skyldig. Men, viss det er nokon som har innvandrarsbakgrunn som har gjort noko, står det som regel at det var ein “norsk-vietnameser som halshugget en nordmann”. Dette reagerer han sterkt på.

Når det gjeld sosiale media er både Baashir og Christian einige om at når ein les på artikkelkommentarar ser ein at Norge har mykje å lære framleis:

*«Ja, jeg kan godt lese kommentarer og på kommentarfeltene.. æh.. og det jeg merker er at det har blitt vanligere å si styggere og styggere ting.. æh.. og.. under dekket av ytringsfrihet, så.. kan man.. så... høfligheten har blitt mindre. Før, så var det slik at folk ikke sa ting.. æh.. rett ut.. eller negative ting som man vet kan såre en annen person, men nå er det ikke så mye hensyn til det lenger, fra mange..» (Baashir)*

I neste kapitlet skal eg drøfte desse funna i lys av teorien som eg presenterte i kapt. 2.

## 5 Drøfting

I denne undersøkelsen, har eg hatt som hensikt å gi ei stemme til historiene som barn av innvandrarakar født i Norge opplever i samband med å finne tilhøyrigheit i det norske samfunnet. Gjennom oppgåva har eg hatt eit ønske om å skape bevisstheit rundt kompleksiteten første-generasjons nordmenn kan oppleve i forhold til identitetsbygging, spesielt dersom dei opplever mangel på anerkjennelse og utanforskap.

Gjennom problemstillinga mi: «*Norsk nok? Første-generasjons nordmenn sine fortellingar om tilhøyrigheit og utanforskap*», og i prosessen med å svare på forskningsspørsmåla mine: *Korleis beskriver første-generasjons nordmenn sin nasjonalidentitet, og kva opplevingar av tilhøyrigheit og utanforskap har første-generasjons nordmenn?*, har eg komt nærmare desse historiene, og funna i frå analysen (jfr. kapt. 4) har ført til utviklinga av tre tema med undertema. Desse skal eg diskutere i lys av teori (jfr. kapt. 2).

Eg har i dette kapitlet valgt å ikkje drøfte alle funn i analysen slik at eg kan fokusere på dei tre hovudtema som skal besvare problemstillinga og forskningsspørsmåla.

Eg vil avklare at målet med denne studien er ikkje å etablere universelle sannheiter. Det som eg har funne er basert på dei unike møta mellom informantane og meg og det som vi skapte isaman. Hensikta er heller at tematikken er gjenkjennbar og fører til djupare innsikt og fornya meining.

### 5.1 Identitetsbygging som prosess

Psykologen Jerome Bruner (1915-2016) hadde eit relasjonelt syn på sjølvvet. Han foreslo at vi mennesker konstruerer og rekonstruerer oss sjølve heile tida, avhenging av krav vi møter i situasjonar i livet. Dette stemmer med historiene som kom fram frå alle informantane, der dei delar at det har vore ein prosess, med oppturar og nedturar, for å bli den dei er i dag (Bruner, 2002 i Jansen, 2013).

#### 5.1.1 Identitet gjennom relasjonar i kontekst

Identiteten vår blir skapt, i følge White (i Lundby 2009) gjennom relasjonar som er forankra i historiske og kulturelle kontekstar. Han legg til at vårt internaliserte sjølv, våre sjølv-

narrativer og vårt sjølvbilde er påverka av andre sine stemmer i våre liv, og at dei derfor er sosialt konstruerte. Dette ser vi tydelig i beskrivelsane til alle informantane. Kva slags familie dei kjem frå og kor opne eller lukka dei er til den norske kulturen virkar avgjerande for at første-generasjons nordmenn skal kunne utvikle tilhøyrighet til det norske samfunnet. Christian nemner for eksempel at familien hans alltid har hatt eit ønske om å bli integrert her i Norge, sidan dei ikkje kan, og ikkje har planer om å reise tilbake til Vietnam. Det viser seg at foreldra har vore rause med sonen sin på den måten at dei tillot han å droppe ut frå morsmålsundervisninga i 3. klassa og at han fekk velge og endre namnet sitt formelt.

### **5.1.2 Tolkningar og rolletaking**

I teorikapt. nemnte eg at George H. Mead (1863-1931) hadde ein teori om at sjølvbildet utviklar seg basert på tolkningar av andre sine forventningar, og at dette er avhengig av at vi kan ta ein annan person si rolle (Schiefløe, 2011). Dette ser eg gjenspeila når alle informantane fortel om måten dei trur dei blir oppfatta av foreldra sine på, i forhold til nasjonalitet. Baashir fortel til dømes at han trur foreldra hadde sagt «at han har pakistansk bakgrunn, men er norsk». Det virkar på meg som om desse foreldra har gitt fridom til Baashir til å finne ut kven han er, og at den implisitte beskjeden dei har sendt han er at dei ikkje forventar at han skal identifisere seg berre med det pakistanske. På den andre sida, set han pris på det solide fundamentet han fekk i oppveksten, som hadde «ein sterk pakistansk komponent».

Amra hadde ei liknande erfaring med sine foreldre, som også ansåg det som viktig å inkludere element av «det norske» i oppveksten av barna sine.

### **5.1.3 Identitet, sosiale nettverk og potensielle skuggesider**

Eit unntak mellom informantane er Maja. Maja fortel at foreldra har oppdratt henne slik at ho ikkje gløymer kvar dei kjem frå, og det virkar som om dei ikkje har vore særlig opne for at ho skal føle at ho tilhøyrer dette landet. Foreldra hennar har vore strenge og på mange måter innførte reglar i familien som isolerte Maja og gjorde at ho stod utanfor. Ho seier at viss foreldra skulle svare på spørsmål om opphavet hennar, ville dei svart at ho er «bosnisk. Punktum». Det virkar som om ho forstår godt kva foreldra forventar av henne, når ho fortel at ho ikkje har følt seg norsk heilt sidan ho var ung. Dette samsvarer med det som Schiefløe (2011) seier om nettverk, som er eit begrep som vanlegvis blir assosiert med noko positivt,

men samtidig «kan stenge individer inne gjennom normer, intoleranse og sosial kontroll». Dette er eit tema spesielt når nettverket representerer heile eins sosiale omgangskrets og ein har begrensa kontakt i andre sosiale samanhenger. Til dømes kan strenge religiøse miljø kome med truslar om fortapelse, sanksjonar og utestengelse dersom ein ikkje rettar seg etter deira reglar (ibid, s. 356). For meg virkar det som om Maja ikkje har blitt gitt fridom av dei som er rundt henne, til å sette spørsmål ved tilhøyrigheita si. Interessant nok har Maja gått frå å ha «bare norske venner» då ho var ung, til å ha søskenbarna sine som venner og bestevenner i dag. Eg antar at søskenbarna tilhøyrer same bosniske miljø, og at forholdet Maja har med dei, styrker hennar tilhøyrigheit til det bosniske. Med andre ord, virkar det som om ho hadde meir mangfold i sosialnettverket sitt før enn ho har i dag.

#### **5.1.4 To fundamentale sosiale behov: Tilhøyrigheit og fellesskap**

Eit godt sosialt nettverk er viktig for mennesker. I følge Schiefloe (2011, s. 333) har vi to fundamentale sosiale behov: det å ha fellesskap med andre og det å høyre til. Han hevder at «det er i grupper vi konstruerer og stadfestar sosial identitet og tilhøyrigheit, og tileignar oss kultur». Dette ser eg også i historiene til informantane der alle fekk nokre gode norske venner i barneskulealder då dei var unge og framleis har både norske venner og venner med bakgrunn frå heimlandet til foreldra. Desse norske vennene har vore med på å bekrefte tilhøyrigheit. Baashir nemner at han i dag har nokre få venner med pakistansk familiebakgrunn som har blitt like vestlige som han. Slik eg ser det, er dette eit uttrykk for at han kanskje har meir til felles med folk som har norske verdiar.

#### **Kjernefamilien: Ei kilde til styrke**

Det viste seg at eit godt nettverk også har vore ei kilde til styrke for informantane når dei har opplevd utanforskap og mangel på anerkjennelse. Generelt sett var det foreldra, søsken og venner som var viktigast. Det var dei som var støttande til stades i perioder der informantane ikkje fann fellesskap og tilhøyrigheit i andre sosiale samanhenger.

#### **Reiser til foreldra sitt heimland**

Valg av partner og reise til foreldra sitt heimland, avhengig av hyppigheit, virkar også avgjerande på tilhøyrighetsnivået som informantane opplever i forhold til både Norge og foreldra sitt land. Her fann eg ein stor variasjon mellom informantane, noko som også tilsvarte grada av tilhøyrigheit dei viser til respektive landa.

### **Proessen med å finne seg sjølv:**

I følge Salole (2013, s. 35) opplever barn i migrantfamilier ofte utfordringar relatert til identitet og tilhøyrigheit. Denne realiteten kom fram i alle fire intervjua. For mange var ungdomstida ei krevande periode der dei stilte spørsmål ved identitet og tilhøyrigheit. Vi ser igjen at gjennom prosessen med å finne seg sjølv, har foreldra, menneske med same etnisk bakgrunn og storsamfunnet ei avgjerande rolle (Alghasi, Fangen og Frønes, 2006, s. 22).

Amra nemner at ho har gått gjennom ei opprørstid der ho spurte seg sjølv om ho var inder eller norsk. På den tida bestemte ho seg for å velge vekk det norske namnet foreldra hadde gitt henne fordi ho følte det ikkje «passa» henne. Like etter gifta ho seg med ein mann som voks opp i India. Det kjem tydelig fram at det å gifte seg med ein inder hadde ein balanse-effekt på Amra. Opprørstida går mot slutten og ho begynner å akseptere begge sider av seg sjølv. Det virkar som om å velge vekk det norske namnet sitt er knytt til den positive effekten av ekteskapet, samtidig som det kunne tolkast som ein mulig reaksjon på dårlige erfaringar i jobbsøk-samanhenger der ho følte seg avvist grunna utsjånad.

Amra sine opplevsalar samsvarer med Fenton sine idear om at identitetsbyggingsprosessar blir vanskeliggjorde ved at minoritetane blir ofte definert i lys av etnisk ulikskap (Fenton, 2011, s. 14).

### **Religion:**

Eit av forholda som avgjer grada av identifikasjon med enten Norge og det norske, eller foreldre-kulturen i følge Schiefloe (2011, s. 181) er religion.

Analysen viste at for to av informantane så har ikkje religion vore viktig nokon gong. Dette har gjort overgangen til det norske samfunnet enklare. Den tredje informanten har vore i ein prosess der han har gått frå å vere muslim til å bli ateist. Baashir begynte å bli sjølvbevisst i puberteten i forhold til å vere annaleis på grunn av religionen, og som han sjølv nemner, var trua hans då knytt til oppdragelse og det østlige. Desse impulsene har han ikkje lenger, noko som kan påvirke aksepten han kan motta frå dei rundt han og dermed tilhøyrigheita hans. Den fjerde har behodt si islamske tru, noko som i hennar tilfelle er sterkt bunde saman med den bosniske kulturen og noko som svekker hennar tilhøyrigheit i Norge.

### **Ein etnisk segregert subkultur.**

Ein informant argumenterte for at mennesker blir påverka av plassen dei bur på og det at dei blir gjennomsyra av kulturen. Folk som bur på øst-kanten av Oslo oppfattar seg sjølv som meir pakistansk enn det han gjer, ifølge Baashir. Han beskriv også korleis han hadde det i oppveksten, då han hadde sterk pakistansk innflytelse i livet sitt. Då var det lettare å identifisere seg som pakistansk. I dag har dette endra seg totalt. Livet hans er gjennomsyra av norsk kultur og det har påverka måten han oppfattar seg sjølv på. Før følte han seg halvt pakistansk og halvt norsk, men i dag kallar han seg norsk. Dette samsvarar med det som Gullestad (2002, s. 22) skriv: at «sjølvkjensle og identitet ikkje er noko ein har ein gong for alle, men noko som presenteres, diskuteres forhandles, bekreftes og avvises i samvær med andre».

Ein ser tydelig dette konseptet i Maja sitt liv. Ho har vakse opp på ein liten plass der det er eit bosnisk miljø som har hatt stor påvirkning på livet hennar og som på ein måte har styrka det som ho har høyrte frå foreldra sine: at ho bur i Norge, men er bosnisk og ikkje norsk.

### **Andre sine reaksjonar:**

På den andre side kommenterte eit par informantar om at deira følelse av tilhøyrigheit har vore påverka av det andre forventar, eller andre sine reaksjonar. Christian fortel at han av og til ikkje føler seg norsk, eller egentlig at han føler seg norsk uansett, men blir ikkje behandla som om han skulle vere norsk. Dette stemmer med det Salole (2013, s. 44) argumenterer for: at sjølv om første-generasjons nordmenn kjenner språk, kulturelle koder, normer og referanserammer, blir dei likevel behandla av majoritetsbefolkninga som utlendingar på grunn av utsjånad.

### **Identitet og streng oppvekst:**

Tilhøyrigheit kan også begrensast ved mangel på anerkjennelse frå familien. Salole (2013, s. 157) argumenterer for at nokre foreldre kritiserer barna sine på grunn av at dei blir «for norske» i deira auger. Motivasjonen til foreldra er usikkerheit og eit ønske om å beskytte barna mot noko dei ser på som ein trussel eller ei fare. Det finns også foreldre som ønsker å reise tilbake til heimlandet, og det fører til at dei ikkje ønsker at barna skal integrere seg fullt ut i Norge. Barna til desse foreldra slit med å utvikle tilhøyrigheit. Eg har inntrykk av at Maja har gått gjennom ein slik prosess. Ho fortel at ho har vakse opp med strenge foreldre, som er religiøse og som ikkje vil at ho skal oppfatte seg sjølv som norsk. I tillegg har dei eit sterkt ønske om at ho skal finne seg ein bosnisk mann. I heile samtalen vår, var Maja heilt bestemt

på at ho er bosnisk, og ikkje norsk. Likevel fekk eg høyre at då ho var yngre og hadde berre norske venner, ville ho bli norsk. Men dette har endra seg. Det virkar som om Maja motseier seg sjølv når ho spør om eg har høyrte teksta til «Karpe Diem». Teksta handlar om å ikkje passe inn verken her eller der. Eg får inntrykk av at ho lever med motsetningar når ho indirekte fortel at ho ikkje passar inn, men samtidig ønsker å repetere same oppdragelse med hennar eiga framtidige familie.

### **5.1.5 Tredje-kulturen**

Første-generasjons nordmenn vil ofte ha litt mindre tilknytting til foreldre kulturen, og litt redusert tilknytting til den norske kulturen, men tek med seg det beste frå begge. På denne måten blir dei brubyggarar mellom to kulturar og utviklar dermed ein eigen tredje kultur (Kaya, 2000 i Kaya 2014 s. 147).

Dette ser vi tydelig i historiene til tre informanter, Amra, Baashir og Christian, som har klart å balansere og verdsette både kulturen til foreldra og den norske kulturen, men ikkje uten å gå gjennom ein prosess. Som Amra fortel:

*«nå har jeg tatt det litt gode fra det indiske, det gode fra det norske, og så har jeg bygd mitt eget... og så har jeg på en måte funnet ut det at ok, greit, jeg... jeg er litt begge deler»*

Christian har ikkje tilknytting til kulturen til foreldra sine, men det virker som om han likevel har utvikla ein slags alternativt kultur, med innflytelse frå begge sider, sjølv om han ikkje er bevisst på det.

## **5.2 Tilhøyrgheit**

Vi skal no drøfte aspekt ved tilhøyrgheit. Og då er det naturleg å starte med kanskje det viktigaste: Språket.

### **5.2.1 Språk**

Alle informantane unntatt Maja, opplever at norsk er deira morsmål. Det at dei anser norsk som sitt morsmål, er ganske betydningsfullt for kven dei er og kvar dei tilhøyrrer. På eit vis gjer dette dei til meir «norske» enn dei skjønar, for Kenneth Gergen hevdar at det ikkje finnast noko virkelighet utanfor språket men at «språket er virkelighetens grense og blir først til i et samspill mellom mennesker» (Jensen, 2009, s. 61).

I teorikapittelet har vi sett at meining ligg i språket, og ifølge White (2006, s. 22), så blir identiteten vår bygd gjennom dei historier vi fortel om oss sjølv, og våre relasjonar.

Vi ser til dømes at Christian seier at hans indre stemme er norsk, han drøymmer, tenker og snakkar på norsk. Slik oppdagar han at det faktisk er språket som definerer kven han er – at han er norsk.

Baashir forklarar også at han snakkar norsk med kona si, sjølv om begge har pakistanske foreldre og lærte urdu i oppveksten. Dette påverkar ikkje berre dei, men barna si virkelighet, som sjølv ikkje har lært urdu. Det har også implikasjonar foy nye generasjonar, i forhold til tilhøyrighet og identitet.

**Språkbruk skaper virkelighet:** Noko eg ansåg som betydningsfullt då eg dreiv med analysen, var at eit par informantar veksla mellom å kalle seg «norsk» og «innvandrar». Vi kan spekulere over grunnen til dette. Men det som slo meg mest, var at språkbruk er så viktig, i forhold til å skape virkelighet, at det viser tydelig at desse informantane enten er forvirra, eller har hatt mange erfaringar med mangel på anerkjennelse, eller kanskje dei trudde at eg ansåg dei som innvandrarar. Uansett grunn, er det synd at dei lever med desse motsetningane. Noko anna eg tenkte på medan eg jobba med denne oppgåva, var at Maja snakkar flytande norsk og likevel ikkje anser norsk som morsmålet sitt. Mitt syn på dette er at ho har meir av det norske i seg enn ho inrømmer.

## 5.2.2 Identifikasjon med norske verdier

Alle informantane viser identifikasjon med norske verdier, og definerer «det norske» på mange ulike og interessante måter, som til dømes:

- Styrke og sjølvstendigheit
- Velferdstaten, felleskapet og tillitsbasert samfunn og struktur
- Dugnadsånd
- Barneoppdragelse basert på gode verdier

I følge Salole Skjerven 2006 og Eriksen 2013 (i Salole 2013, s. 148) får ein tilgang til koder, idealer og verdier i samfunnet gjennom språket, media og interaksjon. Salole hevdar at viss



nokon identifiserer seg med desse verdiane, er det meir sannsynleg at dei har ei kjensle av tilhøyrighet til dette landet. Inntrykket mitt er at dette stemmer mellom informantane mine. Dei viser ikkje berre at dei identifiserer seg med desse verdiane, men at dei er stolte av dei også, stolte av at dei har desse verdiane i livet sitt. Til og med Maja uttrykte at ho identifiserer seg meir med enkelte norske verdiar enn med dei bosniske.

Oppedal mfl. 2011, Youmans, 2009, Sandset 2012 (i Salole 2013) hevdar at kjensla av å vere norsk er ofte ei sjølvfølge blant første-generasjons nordmenn<sup>20</sup>, til nasjonalidentiteten deira blir tematisert av andre som stiller spørsmål og oppfølgingsspørsmål om kvar dei kjem frå.

Dette samsvarer med erfaringane til både Christian og Amra, som har forskjellige måter å handtere det på.

Første-generasjons nordmenn oppnår ei kjensle av å høyre til i det norske samfunnet eller både den norske og foreldre-kulturen samtidig når dei blir anerkjent, eller validert for dei opplevelsane og perspektiva dei bringer med seg (Berry mfl. 2006, Salole Skjerven 2006, Toverud Godø og Music 2011, i Salole 2013, s. 154). Det virkar som om Baashir har reflektert over dette før, fordi han understrekar at det er viktig å bli ønskt velkomen og finne aksept i det norske samfunnet, for å ha opplevelsen av å vere norsk.

## 5.3 Utanforskaping

### 5.3.1 Mangel på språk

Mangel på språk, eller ufullstendig språk bidra til opplevelsen av utanforskaping. Nyansar blir borte, ikkje-verbal kommunikasjon (gestikulering, toneleie og ansiktsuttrykk) blir vanskelegare, noko som kan føre til at folk fell utanfor (Salole 2013, s. 149). Dette samsvarer med erfaringane til to av informantane. Både Baashir og Christian kunne ikkje språket før dei starta på skulen, noko som førte til at Christian vart veldig lei seg fordi han ikkje kunne uttrykke seg, og Baashir sleit med å få venner i overgangen frå spesial-klasse til vanlig klasse på skulen. Dette viser kor viktig det er å ikkje vente for lenge med språklæring, for å unngå smertefulle hendelsar og kjensle av utanforskaping.

---

<sup>20</sup> Mi tilpasning

### **5.3.2 Utsjånad**

I følge Hernes og Knudsen set ni av ti nordmenn likheitsteikn mellom «innvandrar» og mørk hudfarge (Gullestad, 2002, s. 91). På tross av at ein første-generasjons nordmann kan vere komfortabel med språket og alle dei kulturelle kodene og vere godt integrert, så kan likevel majoritetsbefolkninga ansjå personen som «framand» og behandle personen som utlending på bakgrunn av «synlig minoritetsbakgrunn». (Salole, 2013, s.44). Diskriminering, ekskludering og dårlig behandling kun med basis i hudfarge og klesval, blir rapportert av etnisk minoritetsungdom (OMOD 2006, Fangen 2009 i Salole 2013, s. 178).

Alle informantane unntatt Maja, har opplevd at utsjånad kan bli ei barriere mot å bli anerkjent som norsk. Amra vart mobba på grunn av hudfargen sin, og også Christian og Baashir hadde ubehagelige erfaringar med grunnlag i det ytre. Det viser seg at hudfarge og utsjånad er eit sentralt anliggende og eit tema som dukkar opp igjen og igjen i historiene til informantane. Dette kan tyde på at det norske samfunnet har langt å gå og mykje å lære i forhold til å behandle første-generasjons nordmenn som likeverdige landsmenn.

### **5.3.1 Følelsemessige reaksjonar til utanforskap**

Det finns ungdomar som kallar seg sjølv utlendingar, sjølv om dei er født og oppvokst i Norge. Desse ungdomane har vanligvis hatt negative opplevsar og mangel på anerkjennelse og aksept (Berry mfl. 2006, Salole Skjerven 2006, Toverud Godø og Music 2011, i Salole 2013, s. 154). Desse opplevelsane kan framkalle sterke følelsar, noko som også er representert i historiene til informantane mine:

Amra har opplevd skuffelse og sinne mange gongar, knytt spesielt til direkte mobbing. Christian har også opplevd rasisme, og kjent på mykje frustrasjon, oppgittheit og depresjon. Med Baashir var det følelsar av frykt og tristheit som dominerte første gongen han opplevde hets og rasisme. Maja har kjent på sinne på vegne av andre, for ho har aldri opplevd rasisme sjølv.

### **5.3.2 Media**

Alle informantane gav inntrykk av at media gir eit negativt bilde av innvandring, spesielt dei siste åra. Det var nemnd at folk tør å seie det dei tenker no på nettet, sjølv om det kan vere kontroversielle ting. Baashir måtte lære seg å handtere kor prega han var etter at han las

komentarer på nettet. Psykologen Nadia Ansar (i Alghasi et al, 2006, s. 79) skriv om at dei dominerande diskursar som vi mottar gjennom media og via politikarar som har definisjonsmakt, påvirkar våre meiningar og holdningar. For eksempel, kan det gjelde synet på minoritetar i Norge.

## **5.4 Funn i forhold til tidligare forskning**

Funna i denne undersøkelsen viser at første-generasjons nordmenn har ulike og individuelle erfaringar av tilhøyrighet i Norge. Enkelte er sterkt knytt til foreldra sin kulturen, medan andre balanserer mellom to kulturar og skaper ut frå desse ein tredje kultur. Enkelte misser tilhøyrigheita til foreldra sitt heimland og kultur.

Eit godt sosialt nettverk, aksept frå det norske samfunnet og fridom til å finne seg sjølv, virkar avgjerande i prosessen med å utvikle tilhøyrighet til det norske samfunnet.

Alle informantane har opplevd utanforskap i ulik grad og på ulike vis, og utsjånad som skiller seg frå majoritetsbefolkninga, ser ut til å spele ei viktig rolle når det gjeld å ikkje bli anerkjent som norsk.

### **Østkantstudie**

Tharaldsen (2017) Østkantstudie: Norsk men ikkje «Ola Nordmann» hadde samanfallande funn med mine. Likskapen bestod av:

Ho fann at deltakarane hadde duale identitetar

Mange måter å definere «det norske» på

Deltakarane ikkje var oppfatta som fullverdige nordmenn på grunn av ytre kjennetegn som hudfarge og hijab.

## 6 Avslutning

Denne studien blei inspirert av nokre opplevelser som eg hadde då eg flytta til Norge i 2006. Då eg lytta til korleis barn av innvandrarak var omtala i lokalsamfunnet, skapte det ein reaksjon i meg: kvifor blir desse personane kalla innvandrarak når dei faktisk har blitt født og oppvokst her i Norge? Eg blei nysjerrig på dette temaet, og hadde eit ønske om å utforske temaet vidare. Eg hadde også inntrykk av at dei som brukte desse betegnelsane, gjorde det heilt naturleg og uten å tenke over effekten det kunne ha på mottakarane.

I denne studien har eg gjort eit forsøk på å svare på problemstillinga mi og forskningsspørsmåla mine:

*Norsk nok? Første-generasjons nordmenn sine fortellingar om tilhøyrighet og utanforskap*

1. Korleis beskriver første-generasjons nordmenn sin nasjonalidentitet?
2. Kva av tilhøyrighet og utanforskap har første-generasjons nordmenn?

Funna viser at første-generasjons nordmenn sine opplevelsar av tilhøyrighet i Norge kan variere over tid og er individuelle. Enkelte balanserer både kulturen til foreldra og den norske kulturen og skaper i tillegg ein eigen tredje kultur. Andre mister tilhøyrigheita til foreldra sitt heimland og kultur, medan enkelte andre gir inntrykk av å vere meir knytt til foreldre-kulturen enn den norske. Fridom til å finne seg sjølv, aksept frå det norske samfunnet og eit godt nettverk virkar avgjerande i prosessen med å utvikle tilhøyrighet til den norske kulturen. Alle informantane har opplevd utanforskap i ulik grad og på ulike vis, og utsjånad som skiller seg frå majoritetsbefolkninga, ser ut til å spele ei viktig rolle når det gjeld å ikkje bli anerkjent som norsk.

Mulige svakheiter med denne studien er:

1. På grunn av helserelevante utfordringar måtte eg utsette arbeidet med dette prosjektet. Dette førte til at eg mista litt kontinuiteten.
2. Denne studien hadde 4 informantar. Enkelte vil sysnest at det er for få, men på den andre sida ein får ein sjanse til å gå i dybda. Utvalget var begrensa på grunn av at alle fire hadde høgare utdanning og var ressursterke og reflekterte menneske. På den måten hadde det vore interessant viss utvalget hadde inkludert menneske frå ulike lag i samfunnet.

Gjennom å sjekke litteraturen og forskninga på dette feltet, innsåg eg at forskninga var mangelfull. Samtidig las eg ei bok av den norske sosialantropologen og forskaren, Marianne Gullestad, der eg blei kjent med eit tema som ho meiner burde undersøkast nærare:

«Misjonens betydning som kilde til forestillinger om «de andre». Her er eit utdrag som viser tematikken som eg synest hadde vore svært interessant å utforske, nemlig diskurser i samfunnet som underbygger temaet nedanfor:

*Slik jeg ser det, er problemet i dag derfor ikke primært at situasjonen er ny, eller at det er naturlig å vere engstelig for fremmede, men at folk i Norge systematisk har lært at visse typer fremmede er mindreverdige på bestemte måter. Mange «nordmenn» er (enten religiøse eller ikke) preget av en kristen ideologi som går ut på både å hjelpe og å overbevise andre om den ene sannheten i en religiøs åpenbaring som er transformert til «grunnleggende norske verdier». Det ligger kort sagt en sekularisert misjonsbefaling til grunn for mange av vanskene med å respektere «innvandrere» som likeverdige samhandlingspartnere. Jeg tror derfor ikke «integrasjon» er mulig før det blir like selvfølgelig for «nordmenn» (og andre europeere) at «vi» har noe å lære av «dem» lokalt, nasjonalt og globalt, som at «de» har noe å lære av «oss»*

# Litteraturliste

Ahamath, C. (2018). *Jeg får hets for å gå med bunad*. 15 mai 2018. Bergen: Bergens Tidende.

Henta 15.05.18 frå: <https://www.bt.no/btmeneringer/debatt/i/xREroX/Jeg-far-hets-for-a-ga-med-bunad>

Alcoff, L. M. (2006). *Visible Identities. Race, Gender and the Self*. New York: Oxford University Press.

Alghasi, S., Fangen, K. og Frønes, I. (red.) (2006). *Mellom to kulturer*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Andersen, T. (2007). *Reflekterende processer. Samtaler og samtaler om samtalerne*. 3.utg. København: Dansk psykologisk forlag.

Bahar, N. (2017). *Subtil hverdagsrasisme*. 16 januar 2017. Oslo: VG. Henta 20.09.17 frå: <https://www.vg.no/nyheter/meneringer/i/62vEL/subtil-hverdagsrasisme>

Bergo, I. G. (2017). *Når er vi norske nok?* 17 januar 2017. Oslo: VG. Henta 20.09.17 frå: <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/AO9Aj/naar-er-vi-norske-nok>

Bjartveit, S. og Kjærstad, T. (1996). *Kaos og Kosmos. Byggesteiner for individer og organisasjoner*. Otta: Kolle Forlag.

Castles, S., De Haas, H. Og Miller, M. (2014). *The Age of Migration. International Population Movements in the Modern World*. 5.utg. Storbritannia: Palgrave Macmillan.

Chaudhry, S. (2018). *De spør ikke Nina og Ola hvor de er fra, de spør Salman og Mohammed*. 04 april 2018. Oslo: Aftenposten. Henta 27.04.2018 frå: [https://www.aftenposten.no/meneringer/sid/i/m6pBb4/De-spor-ikke-Nina-og-Ola-hvor-de-er-fra\\_-de-spor-Salman-og-Mohammed](https://www.aftenposten.no/meneringer/sid/i/m6pBb4/De-spor-ikke-Nina-og-Ola-hvor-de-er-fra_-de-spor-Salman-og-Mohammed)

Dallos, R. og Vetere, A. (2005). *Researching psychotherapy and counselling*. Maidenhead: Open University Press.

Dønnestad, E. (2015). *Utenforskap er ofte fellesnevneren*. Kristiansand: Ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging Sør. Henta 01.04.18 fra: <https://rvtssor.no/aktuelt/78/utenforskap-er-ofte-fellesnevneren/>

Eriksen, T. H. (2010). *Ethnicity and Nationalism*. 3.utg. London: Pluto Press.

Fangen, K., Johansson, T. og Hammaren, N. (red.) (2012). *Young Migrants: Exclusion and Belonging in Europe (Migration, Diasporas and Citizenship)*. Storbritannia: Palgrave Macmillan.

Fenton, S. (2011). The sociology of ethnicity and national identity. *Sage journals*. 11(1), 12-17. doi: <https://doi.org/10.1177/14687968110110010202>

Gergen, K. J. (1991). *The saturated self: Dilemmas of Identity in contemporary Life*. New York: Basic Books.

Gullestad, M. (2002). *Det Norske sett med nye øyne*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hanssen, B.H. (2007). *Når blir vi norske?* Oslo: Arbeids-og inkluderingsdepartementet. Henta 14.04.18 fra: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nar-blir-vi-norske/id479262/>

Hårtveit, H. og Jensen, P. (2004). *Familien – pluss en: Innføring i familierapi*. 2.utg. Oslo: Universitetsforlaget.

Jaquesson, K. (2010). *Førstegenerasjons nordmann*. 22 juli 2010. Henta 11.04.18 fra: [http://karijaquesson.blogg.no/1279829984\\_frstegenerasjons\\_nord.html](http://karijaquesson.blogg.no/1279829984_frstegenerasjons_nord.html)

Jansen, A. (2013). *Narrative kraftfelt. Psykologisk utvikling hos barn og unge i et narrativt perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jareg, K. (2009). *Ungdom med etnisk minoritetsbakgrunn – muligheter og utfordringer. Erfaringer og refleksjoner fra kurset FLEXid*. Oslo: Nasjonalt kompetansesenter for

migrasjons- og minoritetshelse. Henta 01.04.18 frå:

<https://fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/migrasjonshelse/ungdom-med-etnisk-minoritetsbakgrunn-nakmi-skriftserie-3-2009.pdf>

Jensen, P. (2009). *Ansikt til Ansikt. Kommunikasjons-og familieperspektivet i helse-og sosialarbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Jensen, P. og Ulleberg, I. (2011). *Mellom Ordene. Kommunikasjon i profesjonell praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Johnsen, A. og Torsteinsson, V.W. (2012). *Lærebok i familie terapi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kaya, M. S. (2014). Hvordan håndterer andregenerasjonsinnvandrere sin identitet i Norge? *Sosiologisk Tidsskrift, Årgang 22* (Nr. 2). 146-177.

KS (2015). *Hva er utenforskap*. 25 november 2015. Oslo: KS. Henta 07.05.18 frå:

<http://www.ks.no/arrangementer/kommunalpolitisk-toppmote-2016/hva-er-utenforskap#/fakta>

Kvale, S. og Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forsknings-intervju*. 3. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Ledaal, E. S. (2010). *Vil ha nytt ord for innvandrere-barn. Knut Arild Hareide fra KrF vil at vi skal si «første-generasjons nordmenn»*. 19 juli 2010. Oslo: Klar tale. Henta 11.04.18 frå:

<http://www.klartale.no/norge/vil-ha-nytt-ord-for-innvandrere-barn-1.339492>

Lock, A. og Strong, T. (2014) *Sosial konstruksjonisme -teorier og tradisjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.

Lundby, G. (2009). *Terapi som samarbeid. Om narrativ praksis*. Oslo: Pax Forlag.

Salole, L. (2013). *Krysskulturelle barn og unge. Om tilhørighet, anerkjennelse, dilemmaer og ressurser*. Oslo: Gyldendal Akademisk.



Schiefloe, P.M. (2011). *Mennesker og samfunn. Innføring i sosiologisk forståelse*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget.

Schjøll, A. C. (2017). *Jeg ville så gjerne være hvit*. 07 januar 2017. Tønsberg: Tønsbergs blad. Henta 20.09.17 frå: <https://www.tb.no/nyheter/stokke/likestilling/jeg-ville-sa-gjerne-vare-hvit/f/5-76-419911>

Smith, J.A., Jarman, M. and Osborn, M. (1999). Doing Interpretative Phenomenological Analysis. I: M. Murray og K. Chamberlain (red.). *Qualitative health psychology: Theories and methods*. London: Sage, 218-240 (24s).

Smith, J.A., Flowers, P. and Larkin, M. (2009). *Interpretative Phenomenological Analysis. Theory, Method and Research*. London: Sage.

Statistisk Sentralbyrå (2008). *Definisjoner og betegnelser i innvandrerstatisikken: Hva skal "innvandreren" hete*, 8 oktober 2008. Oslo: Statistisk Sentralbyrå (SSB). Henta 09.04.18 frå: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/hva-skal-innvandreren-hete>

Statistisk Sentralbyrå (2018). *Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre*, 5. mars 2018. Oslo: Statistisk Sentralbyrå (SSB). Henta 01.04.18 frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvbef/aar>

Store norske leksikon (2018). *Positivism - vitenskapsfilosofi*. Henta frå: [https://snl.no/positivisme\\_-\\_vitenskapsfilosofi](https://snl.no/positivisme_-_vitenskapsfilosofi)

Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse*. 3. utg. Bergen: Fagbokforlaget.

Tharaldsen, A. (2017). *Jeg er norsk, men jeg kommer aldri til å bli Ola Nordmann*. Ein kvalitativ studie om tilhørighet og gruppeidentiteter blant etterkommere av innvandrere. (Masteroppgave ved Psykologisk institutt, Universitet i Oslo). Oslo: Universitet i Oslo. Henta frå: [https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/57275/Tharaldsen\\_masteroppgave\\_2017.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/57275/Tharaldsen_masteroppgave_2017.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Thorbjørnsrud, B. (2009). Kulturelle fortolkningsrammer. I: E. Brodtkorp og M. Rugkåsa (red.) *Mellom mennesker og samfunn: sosiologi og sosialantropologi for helse-og sosialprofesjonene*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Thuren, T. (2013). *Vitenskapsteori for nybegynnere*. 2.utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Tjora, A. (2017). *Kvalitative Forsknings-Metoder i praksis*. 3. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Ulleberg, I. (2012). *Kommunikasjon og veiledning*. 5utg. Oslo: Universitetsforlaget.

White, M. (2006). *Narrativ teori*. København: Hans Reitzels Forlag.

Willig, C. (2013). *Introducing Qualitative Research in Psychology*. 3.utg. Maidenhead: Open University Press.

Åmås, K. O. (2008). *Negeren og nordmannen*. 10 desember 2008. Oslo: Aftenposten. Henta 04.04.18 frå: <https://www.aftenposten.no/meninger/i/k6vov/Negeren-og-nordmannen>

Aarset, M. F., Liden, H. Og Seland, I. (2008). *Ungdom med innvandrerbakgrunn*. IMDi-rapport. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.



# Vedlegg 1

Forespørsel om intervju objekt

Hei

Eg håper at du har det bra!

Grunnen til at eg skriv er relatert til ei masteroppgåve eg skal jobbe med, der temaet er «Migrasjon, anerkjennelse og identitet: norsk eller utanfrå?».

Utfordringa er å finne folk eg kan intervju innan den gruppa eg ønsker å høyre frå. Eg kontakter derfor no folk eg kjenner for å få vite om du har ein bekjent/venn/venninne/kollega som er første generasjons nordmann (eller «andre generasjons innvandrar», som mange kallar ein slik person). Med andre ord, ein vaksen, mann eller kvinne, som er født og oppvokst her i Norge (helst mellom 25 og 50 år, sjølv om dette ikkje er absolutt nødvendig).

Dersom du kjenner nokon som kanskje kunne delta i prosjektet mitt i form av kun eitt intervju på ein plass dei sjølve ønsker, så hadde eg satt veldig stor pris på om du kunne spørje dei, og så sende kontaktdetaljane deira til meg dersom dei kunne tenke seg å delta. Etterpå vil eg sende detaljert informasjon om prosjektet o.s.v. Dei kan sjølvsagt trekke seg om/når dei vil.

Eg hadde satt stor pris på tilbakemelding.

Varm helsing

Patricia.

# Vedlegg 2

## Forespørsel om deltakelse i forskningsprosjektet

### *Kva fortellingar har første generasjons nordmenn om tilhøyrighet og utanforskap?*

#### **Bakgrunn og formål**

Namnet mitt er Patricia Grimstad. Eg jobbar som programrådgivar og miljøterapeut ved flyktingtenesta i Ulstein kommune. Eg studerer til mastergrad i Familieterapi og systemisk praksis ved Vitenskapelige Høgskole (VID), tidlegare Diakonhjemmet Høgskole i Oslo. Opprinneleg er eg frå Chile, men har også budd mange år i England, og ein del år i Norge. Eg er svært interessert i identitetsrelaterte dilemma.

I dette prosjektet vil eg fokusere på første-generasjons nordmenn, det vil seie mennesker som er født og oppvaksne i Norge, men som har foreldre som er innvandrarar. Eg vil utforske tankane, følelsane, opplevsane og refleksjonane dei har i forhold til tilhøyrighet og identitet som borgarar i dette landet.

Formålet med studiet er å gi eit større fokus på dette temaet, og late første generasjons nordmenn uttale seg fritt om opplevsane sine, for å skape større bevisstheit og forståelse av dei utfordringane eller dei berikande faktorane ved påvirkninga frå to eller fleire ulike kulturar.

Kriteriet for å velge personar til dette studiet er at personen er født og har vakse opp i Norge, at han eller ho er vaksne, og at dei har foreldre som immigrerte til Norge.

#### **Kva inneber deltaking i studiet?**

Eg kjem til å bruke eit semi-strukturert intervju, det vil seie at deltakaren får snakke fritt, men samtidig styrer eg intervjuet gjennom spørsmål som eg har førebudd i forkant. Intervjuet vil finne stad på ein plass der vi ikkje blir forstyrra, og på ein stad som er foretrekt av intervju objektet.

Intervjuet vil ideelt sett vare mellom 1-1,5 timar.

Eg vil ta digitalt lydopptak av intervjuet. Heile intervjuet vil bli anonymisert.

#### **Kva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysningar kjem til å bli behandla konfidensielt. Den einaste personen i tillegg til meg som vil ha tilgang til innholdet i intervjuet, er min veileidar Heidi Larsgaard.

Veiledaren vil kun få den anonymiserte transkriberte versjonen av intervjuet, og vil såleis ikkje kunne kjenne deltakaren sitt namn eller identitet.

Som deltakar vil du heller ikkje kunne gjenkjennast i nokon publikasjon.

Dersom du ønsker det, kan eg sende deg transkripsjonen av intervjuet.

Prosjektet skal etter planen avsluttast i slutten av mai 2018. Personopplysningar og opptak blir destruerte etter dette.

#### **Frivillig deltakelse**

Det er frivillig å delta i studiet, og du kan når som helst trekke ditt samtykke uten å oppgi nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studiet, ta kontakt med meg, Patricia Grimstad på mobil 46829308 eller e-post: [patriciagrimstad@gmail.com](mailto:patriciagrimstad@gmail.com).

Studiet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

Med vennlig helsing, Patricia Grimstad

# Vedlegg 3



**From:** Lise Aasen Haveraaen Lise.Haveraaen@nsd.no

**Subject:** Prosjektnr: 46575. Migrasjon, anerkjennelse og identitet: norsk eller utanfra?

**Date:** 22 December 2017 at 08:36

**To:** randi.bagge@vid.no, patriciagramstad@gmail.com

## BEKREFTELSE PÅ ENDRING

Hei, viser til statusmelding registrert hos personvernombudet 05.11.2017

Vi har nå registrert at ny dato for prosjektslutt er 31.10.2018. Utvalget blir informert om dette.

Personvernombudet forutsetter at prosjektopplegget for øvrig gjennomføres i tråd med det som tidligere er innmeldt, og personvernombudets tilbakemeldinger. Vi vil ta ny kontakt ved prosjektslutt.

Vennlig hilsen

--

Lise Aasen Haveraaen

Seniorrådgiver | Senior Adviser

Seksjon for personverntjenester | Data Protection Services T: (+47) 55 58 21 19

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS | NSD – Norwegian Centre for Research Data

[Harald Hårfagres gate 29, NO-5007 Bergen](#)

T: (+47) 55 58 21 17

[postmottak@nsd.no](mailto:postmottak@nsd.no) [www.nsd.no](http://www.nsd.no)

# Vedlegg 4

## Samtykke til deltaking i studien:

### *Kva fortellingar har første generasjons nordmenn om tilhøyrighet og utanforskap?*

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta. Eg er klar over at eg når som helst kan trekke meg, og at all informasjon blir behandla konfidensielt.

Namn på deltakar: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

# Vedlegg 5

## Intervjuguide

1. Kan du fortelje litt om familiebakgrunnen din?
  - Kvar kjem foreldra dine frå?
  - Korleis vil du beskrive deira sosiale status (utdanning, karriere etc.)?
  - Kan du seie litt om grunnen til migrasjonen deira?
2. Korleis har det vore å vekse opp i Norge som dotter/son av innvandrara?
  - Kan du fortelje om fordelane og/eller ulempene?
  - Kan du huske den første gongen du blei meir bevisst på at du levde i desse to kulturane?
  - Kan du fortelje meg om ein gong der du ikkje følte tilhøyrrighet til enten kulturen til foreldra dine eller til den norske kulturen – eller begge? Kvar var du, kven var du saman med, kva skjedde, kva tenkte du den gongen, kva slags følelsar hadde du?
3. Korleis trur du folk flest i Norge definerer det å vere ‘norsk’? Korleis definerer du det?
  - Har du sjølv ei kjensle av å vere norsk? Kvifor/kvifor ikkje?
4. Kva trur du har påverka din nasjonale identitet?
  - Kva trur du foreldra dine ville ha sagt dersom dei blei spurte om nasjonaliteten din?
  - Kan du beskrive korleis du har opplevd at familien, venner, kollegaer og samfunnet generelt oppfattar deg i forhold til det å vere norsk?
  - Tilbakemelding frå media og kulturen?
  - Stemmer det overeins med kva du sjølv føler?
5. Er det noko anna som du ikkje har sagt, og som du ønsker å få fram?



# Vedlegg 6

## Intervju nr 3

24.09.2017

IO: Intervjuobjekt

I: Intervjuer

Stillheit er markert med punktum (eitt punktum er lik eitt sekund med stillheit).

1. I: Ja.. kunne du begynne med å fortelje meg litt om deg sjølv..
2. IO: M-hm (anerkjennande)
3. I: ..Kor gamal du er..
4. IO: Ja..
5. I: .. kva slags utdanning du har og kva du jobbar med, og så vidare?
6. IO: Ja, jeg er.. ja, jeg heter (seier sitt namn og etternamn).. jeg er 42 år.. æh, jeg er gift og har fire barn.. æh, jobber som.. eller er utdannet æh.. lege, og har også en.. æh.. Ph.D. innenfor det.. æh, og jobber som hjertespesialist på sykehus, æh... ja, det er.. har.. mm.. Paki...mm.. jeg er født og oppvokst i Norge.. eh.., og foreldrene mine har bakgrunn fra Pakistan. De kom hit på begynnelsen av 70-tallet.. som arbeidsinnvandrere, og etter hvert så fikk de oss barna da.. vi.. jeg er nummer to av fire barn..
7. I: Ja (anerkjennande)
8. IO: Og vi bor alle nå.. rundt her på Østlandsområdet og.. ja, har egne familier og jobber og..
9. I: Mm.
10. IO: Mm.
11. I: Eg.. eg skulle spørre deg om foreldra dine... Men æh.. kva gjorde dei før dei kom hit, og.. kva gjer dei no?
12. IO: Eh, faren min, han var advokat i Pakistan, og han kom hit i 1973, da var han 31 år.. eh.. og hadde litt forskjellige jobber her.. æh, men det meste av yrkeslivet sitt her i Norge så jobbet han i det som hette Oslo Sporveien, først som T-bane eh.. sjåfør, og etterhvert som billett-kontrollør.. eh, og jobb.. jobbet der til han ble pensjonist.. eh, mor.. hun var.. hadde utdanning med.. til og med gymnaset fra Pakistan, og har stort sett vært hjemmeværende mens.. ja, her i Norge, men kanskje noen få korte opphold med litt jobb, men stort sett vært hjemmeværende..
13. I: Snakkar du Urdu?
14. IO: Ja, jeg kan.. de lærte oss.. de lærte oss urdu hjemme.. vi lærte det ikke på skolen.. æh, de lærte oss å lese og skrive og snakke urdu så.. så det kan jeg. Eh.. barna mine kan ikke det lenger, så de har.. de snakker bare norsk.. ja.
15. I: OK. Eh, har du reist til Pakistan?

16. IO: Ja, da vi var små, så reiste vi mange ganger på ferier til Pakistan og.. eh.. det har blitt mindre og mindre etter hvert som jeg har vært voksen og fått mine egne barn. Eh, nå er det vel fem-seks år siden jeg var i Pakistan..
17. I: Og når du reiste til Pakistan, eh.. eh.. korleis oppfatta folk deg, på ein måte, der borte?
18. IO: Nei, veldig, veldig greitt.. eh.. blandet meg rett inn, følte meg ikke som no' fremmed i Pakistan. Og jeg følte heller ikke at de som var der oppfattet meg som.. norsk, eller.. de, de syns jo.. de kjente sikkert at, at vi eller jeg var litt annerledes, men vi ble behandlet som eh.. helt vanlig. Det var jo familie og slektninger, så de.. eh.. og vi, selv om vi er født og oppvekst her i Norge, så har nok vi hatt i oppdragelsen en ganske klar pakistansk identitet.. eh, slik at vi følte oss ikke som fremmede. Jeg vet at det er mange som føler at når de er oppdratt her i Norge og reiser til Pakistan så føler de at de tilhørte verken her eller der, men for vår del så var det sånn at vi tilhørte både her og der, så vi hadde det fint..
19. I: Det er flott!
20. IO: Ja
21. I: Og når du snakkar, dei.. dei kan ikkje høyre?
22. IO: Nei, for eksempel viss jeg går i butikkene og.. i Pakistan, så er det jo sånn at eh... de.. eh.. kjøpmennene er veldig smarte, så de klarer å se at her kommer det en fra utlandet, og da prøver de å tjene mer penger på deg, men eh.. men jeg.. blanda meg helt inn og de tjente ikke det.
23. I: Korleis har det vore æh.. å vekse opp her i Norge som sønn av innvandrarar, for deg?
24. IO: Mmm.. det er jo.. man har jo ikke noe annet å sammenligne med enn sin egen virkelighet, eh.. så jeg kan jo ikke sammenligne med.. det, med å vokse opp som sønn av en nordmann..
25. I: Mm..
26. IO: Vi hadde en fin barndom og.. og oppdragelse. Eh, økonomisk så var det sånn at det bare var far som jobbet, og han hadde jo ikke noen.. eh, eh, veldig høy inntekt, han hadde vanlig arbeiderinntekt. Så vi hadde.. det var alltid litt moderat hjemme hos oss, vi eh, hadde ikke de dyreste tingene, hadde ikke de dyreste lekene.. men vi hadde det vi trengte.. eh.. og eh.. og vi vokste også opp på et område av Oslo, altså på Vest-kanten av Oslo, æh, hvor det var mange.. æh, mange av de familiene som bodde her var jo velstående, og.. så vi merket jo at.. æh.. ok, vi hadde litt dårligere råd enn dem, og de hadde finere ting enn oss, men.. jeg husker som barn, i hvert fall, så var det ikke noe som jeg tenkte så veldig mye på, æh.. vi.. det var vår virkelighet, og vi aksepterte det, og tenkte ikke noe mer på det egentlig.. æh mm.... så, men så klart så er det jo også.. fordi man ser litt annerledes ut og har en litt annen kulturbakgrunn, æh.. så.. opplever man seg jo som litt annerledes enn.. enn de andre. Æh, men vi visste det, vi visste at vi hadde pakistansk bakgrunn og at vi.. hadde en litt annen kultur, litt annen religion, tro og at vi var litt annerledes, så... æh, så det var noe vi var klar over... mm..
27. I: Men huskar du første gangen, på ein måte, du var meir bevisst på at du.. levde mellom desse to kulturane, og at du var litt annerledes, som du seier.. du følte det?

28. IO: Ja, altså jeg tror nok at det ble jo kanskje mer og mer, æh.. aktuelt jo eldre vi ble, æh, fordi da vi var små barn som 8-9-10 år, så.. så var jo alle barn like, så vi.. men etter hvert som du ble litt eldre, får en identitet og får en, æh, hva skal jeg si, en opplevelse av hvem du er, da.. æh, så.. og i hvert fall med.. når du kommer i puberteten og.. blir veldig sånn selvbevisst, æh.. når æh.. når du blir såpass gammel at tro og religion begynner å spille en rolle, og.. æh, som gjør at du kan oppf.. bare oppføre deg på en spesiell måte..
29. I: Mm..
30. IO: ..for eksempel det å ikke æh.. ha kjæreste eller drikke, eller... æh... ja, i det hele tatt være ute og feste og sånne ting..
31. I: M-hm (anerkjennande)
32. IO: Æh.. så det var da jeg følte at det ble mer.. klarere og klarere for oss at vi var mer annerledes når sånne ting kom inn da..